Sogndal kommune

Bli med på laget

# Økonomiplan 2018 - 2021

## med årsbudsjett 2018



*Foto: Tor Yttri*

Vedtak i kommunestyret 14 des. 2017
Sak 63/2017

Innhald


- Innleiing og samandrag
- 10 på topp
- Økonomisk status og utfordringar
- Analyse og utfordringar
- Politiske resultatmål
- Driftsbudsjett
- Investeringsbudsjett
- Betalingshefte



Visjon og verdiar.

Vår visjon er **fleire innbyggjarar og auka trivsel i Sogndal**.

Det er gjennom ei årrekkje utvikla ein Sogndalsmodell som legg ramma for kommunen som samfunn og som organisasjon. Sentralt i Sogndalsmodellen er verdien **«gjennom samarbeid får vi ting til»**. Vi kommuniserer dette gjennom kortforma **«bli med på laget»**!

# Innhald


1 Innleiing og samandrag ... 1
2 Økonomisk status og utfordringar ... 4
2.1 Nasjonale rammevilkår ... 4
2.2 Økonomisk status og utfordringar ... 5
3 Driftsbudsjett hovudtal ... 10
4 Driftsbudsjett og resultatmål for tenestene ... 15
4.1 Politisk styring og administrasjon ... 15
4.1.1 Politisk styring og kontroll ... 15
4.1.2 Administrasjon ... 17
4.1.3 Andre fellesområde ... 17
4.1.4 Kyrkjeleg fellesråd og andre trussamfunn ... 18
4.2 Oppvekst ... 19
4.2.1 Helsestasjon ... 20
4.2.2 Barnevern ... 21
4.2.3 Barnehage ... 22
4.2.4 Grunnskule og SFO ... 25
4.2.5 Kultur ... 28
4.3 Helse, omsorg og velferd ... 30
4.3.2 Aktivisering, støttetenester og rusarbeid ... 33
4.3.3 Pleie og omsorg – heimetenester ... 35
4.3.4 Pleie og omsorg – institusjon ... 37
4.3.5 Kvalifisering, integrering og arbeid ... 39
4.4 Tekniske tenester ... 41
4.4.1 Plan- og byggesakshandsaming ... 41
4.4.2 Kart og oppmåling ... 42
4.4.3 Brann og redning ... 43
4.4.4 Næringsverksemd ... 44
4.4.5 Samferdsle ... 45
4.4.6 Naturforvalting, friluftsliv og rekreasjon ... 47
4.4.7 Vatn, avløp og renovasjon ... 47
4.4.8 Bustader og forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltning ... 48
5 Investeringar ... 50
6 Organisering av den kommunale verksemda ... 57
6.1 Eigen organisasjon ... 57
6.1.1 Personalforvaltning ... 57
6.1.2 Sogndal kommune sitt kvalitetssystem (SKK) ... 58
6.1.3 IKT ... 59

6.1.4 Beredskap ... 60
6.1.5 Lokalt folkehelsearbeid ... 60
6.1.6 Frivillig arbeid ... 61
6.1.7 Bustad for velferd ... 61
6.2 Interkommunalt samarbeid ... 61
7 Økonomiske oversiktar ... 64
7.1 Hovudoversikt drift ... 64
7.2 Budsjettskjema 1A ... 65
7.3 Budsjettskjema 1B ... 65
7.4 Hovudoversikt investering ... 66
7.5 Budsjettskjema 2A ... 67
7.6 Budsjettskjema 2B ... 67
7.7 Sjølvkostskjema ... 69

Vedlegg: Prisar på kommunale tenester.

# 1 Innleiing og samandrag

Grunnlaget for økonomiplanen er samfunnsdelen av kommuneplanen. Kommuneplanen trekk opp visjon og verdiar for kommunen og rammer for kommunen som organisasjon. Kommunestyret legg vekt på å halde oppe eit endrings- og utviklingsarbeid i kommunen. For kommunen som organisasjon vert det lagt vekt på å vere endringsvillig og endringsdyktig, slik at vi er i forkant av utviklinga. Det inneber at:

- tenestene vi yter, skal best mogleg vere tilpassa brukarane sine behov
- administrasjon og drift skal vere effektiv, slik at ressursar vert frigjort til utviklingsarbeid
- kommunen skal ha ein sunn økonomi og halde oppe eit økonomisk handlingsrom
- vi skal vere opne og lyttande, demokratiske og avgjersleeffektive
- vi skal ha eit arbeidsmiljø prega av ansvar, respekt og omtanke.

Miljø og klimaomsyn er ein grunnleggjande premiss for kommunal verksemd og i utviklingsarbeidet til kommunen. Kommunestyret legg særleg vekt på å styrkje Sogndal sentrum som regionsenter, og ønskjer å gjennomføre fleire utviklingstiltak for å oppnå dette.

Dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Sogndal kommune i planperioden er følgjande:

- Vi skal gje arbeidet med etablering av nye Sogndal kommune høgaste prioritet både politisk og administrativt.

- Vi skal følgje opp samhandlingsreforma ved å byggje ut Sogndal helse- og omsorgssenter innan 2018.

- Vi skal satse på Hodlekve-området og legge til rette for auka overnattingskapasitet og vidareutvikling av idretten og friluftslivet sin bruk av området.

- Vi skal gjere strandsona i Sogndal sentrum tilgjengeleg for allmenta ved å byggje ut fjordstien frå Hofslund til ny Loftesnesbru innan 2018 og planlegge ny bru over Sogndalselva.

- Vi skal i samarbeid med næringslivet vidareutvikle næringsarbeidet i kommunen:

  - ved å vedta ein ny områdereguleringsplan for campus Sogndal slik at dette området framleis står fram som eit sterkt nasjonalt innovasjonsmiljø
  - ved å bidra til utgreiing og etablering av eit vitensenter på Kaupanger
  - og ved å lage ein strategi for utvikling av næringsområde på Kaupanger som del av arealdelen av kommuneplan og ny områdereguleringsplan.
  - ved å byggje ut hangar på Sogndal lufthamn - Haukåsen.

- Vi skal sikre at alle under 25 år skal vera i arbeid, utdanning eller aktivitet.

- Vi skal arbeide vidare med å betre tilhøva for gåande og syklande, jf. sykkelplanen, og legge til rette for betre trafikkavvikling gjennom sentrum og vi skal arbeide for tunnel Hagalandet-Museet og gjennomgangstrafikken utanom sentrum.

- Vi skal bygge ut ny sentrumsbarnehage innan august 2019 og vurdere behovet for vidare barnehageutbygging i kommunen.

- Vi skal bruke naudsynte verkemiddel som føringar på reguleringsplanar, tilgang på utbyggingsareal og utbyggingsplanar, for å få nok bustader og næringsareal i alle deler av kommunen. Vi skal gjennomføre alle tiltak i bustadsosial handlingsplan.

- Vi skal legge til rette for auka samarbeid mellom frivillig sektor og Sogndal kulturhus og m.a. drøfte oppretting av eit kulturråd i kommunen. Vi skal ta stilling til utbygging av ein fleirbrukshall.

Utviklingsområda er ei oppfølging av samfunnsdelen av kommuneplanen, og vil verte prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden. Kommunestyret vil bli orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda.

Investeringsramma i planperioden er på om lag 271 mill. kroner. Det er m.a. i 2018 og 2019 sett av 52,8 mill. kroner til utbygginga av ny sentrumsbarnehage og 46,5 mill. kroner til ferdigstilling av Sogndal helse og omsorgssenter. Med ei så omfattande investering må lånefinansierte investeringar på andre område vere moderate. Andre investeringar vert difor finansiert innanfor sjølvkost, ved overføring frå drifta, eller ved reduserte driftskostnader eller auka driftsinntekter som finansierer kapitalkostnadene ved investeringa. Det vert i 2018 nytta 18,3 mill. til andre investeringar i kommunal bygningsmasse, 14,0 mill. innan sjølvkost for vatn, avlaup og renovasjon, 3,3 mill. innan trafikktrygging og vegtiltak og 1,8 mill. innan IKT. Planlagd låneopptak samla for investeringane i planperioden er 154,4 mill. kroner.

Driftsbudsjettet er balansert utan vesentlege kutt. I tillegg til alle konsekvensjusteringar er det lagd inn auka løyvingar til kommunepsykolog, kjøp av ergoterapitenester frå Balestand kommune, stilling som distriktsmusikkar innan tradisjonsmusikk i Sogn kulturskule, midlar til forureiningskontroll av spreidd avlaup, støtte til bygging av hangar på Sogndal lufthamn og løyvingar til naudbustad og miljøvaktmeister.

**Nye Sogndal kommune**
Stortinget har gjort vedtak om å slå saman kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal frå 1. januar 2020. Kommunestyra i dei tre kommunane har vedteke ein plattform for samanslåing av kommunane og eit reglement for Fellesnemnda, som har det politiske ansvaret for samanslåinga.

Det er eit svært omfattande politisk og administrativt arbeid som ligg framfor oss i 2018 og 2019 for å etablere den nye kommunen. Det som i dag er tre ulike ordningar i dei tre kommunane må frå 2020 bli til nye rammer for nye Sogndal kommune. For kommunen som tenesteytar er det politisk vedtekne planar, vedtekter og reglement og dei økonomsike

føresetnadene i budsjettet som set rammene for tenestene. For kommunen som arbeidsgjevar er det alle reglement, lovar og avtalar og dei økonomiske føresetnadene i budsjettet som set rammene for personalforvaltninga. Alle desse områda må i 2018 og 2019 gjennomgåast og samordnast slik at nye Sogndal kommune for føreseielege rammer for tenesteytinga og personalforvaltninga. I tillegg har dei tre kommunane ulike ordningar innan IKT, arkiv, økonomiforvaltning m.v. som også må bli til like ordningar.

Omstillinga til ny kommune skal skje samtidig som dei tre kommunane også i 2018 og 2019 dagleg skal levere gode tenester til innbyggjarane sine. For å sikre arbeidet med etablering av den nye kommunane utan at det går ut over tenesteytinga i 2018 og 2019 vil kommunestyret:

- Endra planstrategien slik at det ikkje vert gjennomførd nye planar eller revisjon av eksisterande planar ut over det kommunen er pålagd gjennom lov å gjere.
- Ikkje setja i gang anna omfattande endringsarbeid i kommunen som krev politisk og administrativ kapasitet.
- Ikkje gjennomføre planlagde forvaltningsrevisjonar eller anna kontrollverksemd som krev polistisk eller administrativ kapasitet. Dersom det oppstår konkrete situasjonar i 2018 og 2019 som krev oppfølging av Kontrollutvalet vil kommunestyret kome tilbake til det som eiga sak.

Sjølv om det vil vera Fellesnemnda og ein prosjektorganisasjon med ein prosjektleiar som har ansvaret for å etablere den nye kommunen, vil mesteparten av arbeidet bli gjort av politikkarar, tilsette og tillitsvalde i dei tre kommunane. Med den korte tida vi har fram til utgangen av 2019 må arbeidet med den nye kommunen har høgast prioritet, politisk og administrativt.

# 2 Økonomisk status og utfordringar

## 2.1 Nasjonale rammevilkår

Statsbudsjettet for 2018 vart lagt fram 12. oktober 2017. Den reelle veksten i frie inntekter (rammetilskot og skatt) for kommunane frå 2017 til 2018 er på 1,4%, rekna frå forventa rekneskap 2017. Den nominelle veksten i frie inntekter for landet er 2,6%. For kommunane i Sogn og Fjordane er den nominelle veksten i frie inntekter i snitt på 2,3%. Sogndal kommune ligg over fylkes- og landsgjennomsnittet med 3,1%. I rammetilskotet til Sogndal kommune ligg det inne regionssentertilskot kr 2 694 000 og tilskot overgangsordning for kommunar som skal slå seg saman med kr 2 701 000.

Følgjande satsingar og tiltak er medrekna innanfor veksten i frie inntekter:

- 300 mill. kroner er lagt inn til ytterligare styrking av kommunale tenester til rusomsorg
- 200 mill. kroner er lagt inn til styrking av arbeidet med tidleg innsats i barnehage og skule
- 200 mill. kroner av veksten er lagt inn til førebyggjande tiltak til barn, unge og familiar noko som vil vere med på å ruste kommunane for eit større ansvar på barnevernsområdet i forkant av barnevernsreforma.

I tillegg er det i 2018 følgjande endringar i inntektssystemet og andre satsingar:

- Tilskot til deltids brannpersonale: Tilskotet utgjer 38,9 mill. kroner. Dette er no lagt inn i rammetilskotet og kjem ikkje lenger fram som eit tilskot etter særskild fordeling.
- Kommunale vigsler: Overføringa av denne oppgåva frå domstolane til kommunane vil skje frå 1. januar 2018. Som følgje av dette er det føreslege å overføre 3 mill. kroner frå Justis- og beredskapsdepartementet sitt budsjett til rammetilskotet til kommunane.
- Innlemming av bustadsosiale tilskot: Ei opptrapping av tilskota som vart innlemma i rammetilskotet frå 2017. 28,5 mill. kroner vert lagt inn til det bustadsosiale tilskotet, og 15,5 mill. kroner til det bustadsosiale kompetansetilskotet for 2018.
- Ressurskrevjande tenester: Innslagspunktet vert auka til 1 235 000 kroner, ei auke med 50 000 kroner utover prisjustering. Kompensasjonsgrad er på 80 prosent og er uendra.
- Foreldrebetaling barnehage: Ei auke i foreldrebetalinga med 110 kr per månad.
- Ny pedagognorm: Heilårseffekt av ny pedagognorm utgjer 424 mill. kroner.

Samanlikna med 2017 er fylkesramma for skjønsmidlar redusert med 6,5 mill., til 55,8 mill. i 2018. For Sogndal kommune utgjer samla skjønn 6,8 mill. som er ein reduksjon på 0,45 mill. frå 2017. Utvikling i skjønnsmidla for kommunen har vore slik:

| **Tildeling av skjønsmidlar Sogndal kommune** | **2018** | **2017** | **2016** |
|---|---|---|---|
| Kompensasjon auka sats arbeidsgivaravgift | 5 000 000 | 5 600 000 | 6 200 000 |
| Tildeling etter sosiale kriterium | 1 800 000 | 1 400 000 | 1 000 000 |
| Tildeling etter samla vurdering | 0 | 250 000 | 800 000 |
| **Sum** | **6 800 000** | **7 250 000** | **8 000 000** |

Av skjønsmidlane er 5 mill. kroner kompensasjon for auke i satsen for arbeidsgjevaravgift som er redusert frå 5,6 mill. frå 2017. Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift var fram til 2014 skilt ut som eige beløp i skjønnsramma frå departementet. Frå 2015 vart kompensasjonen lagt inn i basisramma. Fylkesmannen har tidlegare varsla ei årleg nedtrapping på om lag 10% av denne kompensasjonen. Tildeling etter sosiale kriterium er

gitt på grunn av høge utgifter til ressurskrevjande tenester og at kommunen er eit vekstsenter og har studentar. Skjønsmidlar etter sosiale kriterium er auka med 0,4 mill..

Det kommunale skatteøret for personlege skatteytarar skal fastsetjast ut frå eit mål om at skatteinntektene frå kommunane skal utgjere 40% av dei samla inntektene i 2018. Skatteøret for 2018 er uendra og er på 11,8%.

| Løns- og prisvekst | |
|---|---|
| Lønsvekst | 3,0% |
| Prisvekst varer og tenester | 1,8% |
| Deflator (vekta løns- og prisvekst) | 2,6% |

## 2.2 Økonomisk status og utfordringar

Kommunen sin økonomi dei siste åra har vore solid med eit netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene som ligg på 3 %, i samsvar med målsettinga til kommunen. Dette har gitt kommunen eit handlingsrom til å møte aukande etterspørsel etter tenester, avsetje midlar til fond og til eigenfinansiering av investeringar. Som følgje av store investeringar siste åra har gjeldsveksten vore høg og vil auke ytterlegare dei neste to åra. Det er venta at frå 2018 vil gjeldsgraden vere over det tilrådde nivået på 75% av driftsinntektene. Auka gjeld gir på lang sikt mindre handlingsrom, då ein større del av driftsinntektene går med til å dekke renter og avdrag. Det vert likevel vurdert slik at kommunen vil greie å handtere gjeldsveksten utan at dette vil gå vesentleg ut over tenestetilbodet.

Sogndal har ein nominell vekst i frie inntekter som ligg over landssnittet. Veksten i frie inntekter er mellom anna knytt til vekst i folketal som igjen gir behov for auka tenestetilbod. Behov for auka tenestetilbod gjeld først og fremst barnehagesektoren der det auka utgiftsbehovet frå 2017 til 2018 er på om lag 12,3 mill., dvs 20,4%. I tillegg til generell løns- og prisveks skuldast dette i hovudsak auka barnetal, auka grunnbemanning og ny pedagognorm.

I tillegg til frie inntekter er det på inntektssida ein auke i budsjettet i 2018 med 2,56 mill. i eigedomsskatt. Samtidig er det reduserte inntekter på andre områder. Låge kraftprisar gjer at inntekter frå utbyte frå Sognekraft, konsesjonskraft og eigedomsskatt på kraftverk er låge. For 2018 er det varsla at det ikkje vil bli betalt utbyte frå Sognekraft, noko utgjer ein reduksjon i inntektene på kr 932 000 det året.

**Netto driftsresultat**
Kommunen har som mål å vere ein effektiv og veldriven organisasjon med eit økonomisk handlingsrom. Indikatoren, netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene, seier noko om kor stort handlingsrom kommunen har for sparing, eigenfinansiering av investeringar, og til å møte uventa økonomiske utfordringar. Departementet si tilråding er at indikatoren bør vere på minst 1,75% for at kommunen skal ha ein sunn og god økonomi over tid. Målet til kommunen er eit netto driftsresultat på 3%.  For dei siste åra frå  2011 til 2016 er målet om 3% nådd. For budsjett 2017 og planperioden 2018-2021 ligg kommunen under dette målet med unnatak av 2019, jf. diagrammet nedanfor.




Kostra tal for 2016

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter | 4,2 | 5,5 | 8,0 | 4,1 |
| Netto driftsresultat i kroner pr innbyggjar | 3 249 | 4 231 | 7 015 | 3 000 |

Kostratala syner at Sogndal har hatt gode resultat siste tre åra, særleg for 2016, og har eit langt betre resultat enn kostragruppa i 2016.

**Lånegjeld**

Gjelda til kommunen skal ikkje vere høgare enn at kommunen kan betale renter og avdrag utan at det får større konsekvensar for tenestetilbodet både på kort og lang sikt. Lånegjelda til kommunen har auka kraftig som følgje av utbygging av Sogndal helse og omsorgssenter og overtaking av Sogndal kulturhus, og vil også auke noko i økonomiplanperioden m.a som følgje av bygging av ny barnehage i sentrum. Renteutgiftene vil auke som følgje av aukande gjeld. Avdragsutgiftene vil derimot bli reduserte som følgje av at fleire lån vert nedbetalt i perioden. Aukande lånegjeld og flytande rente på ein stor del av lånegjelda gjer at kommunen er sårbar for renteauke. For å redusere risikoen ved ein renteauke er det sett av om lag 19,6 mill. til eit rentereguleringsfond. Ved utgangen av 2016 utgjorde dette om lag 3,5% av den langsiktige lånegjelda. 16% av lånegjelda er rentesikra med fastrenteavtale i 10 år og til ei rente på 2,2%.

Rentereguleringsfond, langsiktig fastrenteavtale, samt at kommunen betalar større avdrag enn minsteavdrag gjer at kommunen no har god kontroll på lånegjelda og er godt sikra ved ein eventuell renteauke. Tabellen nedanfor viser utviklinga i lånegjeld, renter og avdrag. I tabellen er alle lån medtekne, dvs. også lån i Husbanken til vidare utlån, lån til VA-utbygging og lån med statleg rentestøtte. Pensjonsgjeld er ikkje med i oversikta.

**Lånegjeld, renter og avdrag (i heile tusen)**

| | r-2016 | b-2017 | b-2018 | b-2019 | b-2020 | b-2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Nye låneopptak | 115 757 | 40 050 | 95 729 | 64 590 | 25 000 | 25 000 |
| Avdrag | 31 367 | 33 494 | 30 375 | 34 276 | 33 137 | 30 928 |
| Lånegjeld pr. 31.12 | 559 391 | 565 947 | 631 301 | 661 615 | 653 478 | 647 550 |
| Renter på lån | 9 282 | 10 471 | 11 467 | 11 998 | 14 116 | 13 965 |

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsutgifter er ein indikator for måling av gjeldsnivået. For å redusere risikoen ved renteauke er det ei målsetting at netto lånegjeld utgjer maksimalt 75% av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er langsiktig lånegjeld med fråtrekk av utlån og ubrukte lånemidlar. Diagrammet nedanfor viser reell utvikling frå 2006 til 2016 og forventa utvikling frå 2017 til 2021 ut frå vedtekne investeringar i perioden. For åra 2019 til 2021 vil det komme til fleire investeringar enn det som til no er lagt inn i økonomiplan. Frå 2018 vil gjeldsnivået vere noko høgare enn den tilrådde grensa på 75%.




Kostra tal for 2016

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter | 53,1 | 58,1 | 66,4 | 90,5 |
| Netto lånegjeld i kroner pr. innbyggar | 41 207 | 46 629 | 58 882 | 67 648 |
| Netto renter og avdrag i % av brutto driftsinntekter | 3,3 | 4,5 | 4,6 | 4,1 |
| Netto avdrag i % av brutto driftsinntekter | 3,6 | 3,7 | 4,1 | 3,2 |

Sogndal ligg godt an samanlikna med kostragruppa når det gjeld netto lånegjeld i prosent av driftsinntektene og netto lånegjeld pr. innbyggjar. Som følgje av store investeringar siste åra og dei neste åra vil Sogndal komme nærare nivået til kostragruppa. Sogndal betalar avdrag som ligg over minsteavdrag. Dette er nok årsaka til at Sogndal betalar høgare netto avdrag i prosent av brutto driftsinntekter enn kostragruppa.

**Likviditet**
Likviditeten til kommunen er god. Sjølv med eit aukande akkumulert premieavvik, som påverkar likviditeten negativt, har det vore ei positiv utvikling dei siste åra. Dette skuldast at avsetjing til disposisjonsfond har auka og då først og fremst avsetjingar til rentereguleringsfondet, flyktningfondet og fond for premieavvik. Arbeidskapitalen er eit mål på likviditet. Som det går fram av kostratala i tabellen under ligg Sogndal over kostragruppa når det gjeld arbeidskapital i prosent av driftsinntektene.

Kostratal for 2016

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Arbeidskapital eks. premieavvik i % av brutto driftsinntekter | 18,9 | 24,4 | 21,5 | 20,4 |
| Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter | 10,6 | 11,4 | 12,5 | 7,3 |

**Premieavvik og amortisering av premieavvik**

Premieavvik er differansen mellom betalt pensjonspremie og kostnaden som skal førast i rekneskapen. Ved positive premieavvik betalar kommunen ein høgare premie enn det som vert kostnadsførd i rekneskapen og ved negativt premieavvik betalar kommunen ein lågare premie enn det som er kostnadsførd. Kommunen kan velje om det årlege premieavviket skal amortiserast over 1 år eller over fleire år. Ved amortisering over fleire år skal premieavviket rekneskapsførast med like beløp over ein gitt tidsperiode. Sogndal har valt å amortisere premieavviket over fleire år.

Ved utgangen av 2016 hadde Sogndal kommune eit akkumulert positivt premieavvik eks. arbeidsgivaravgift på 21,34 mill. Det vil sei at kommunen har betalt 21,34 mill. i premie som skal kostnadsførast dei kommande åra.

Prognosane for 2017 og framover viser store positive premieavvik som gjer at det akkumulerte premieavviket vil auke kraftig. Jf. tabell nedanfor. For å dekke framtidige utgifter som følgje av stort akkumulert premieavvik er det oppretta eit disposisjonsfond for premieavvik. Pr 31.12.2016 var fondet på 11,47 mill. Det er eit mål å auke storleiken på fondet.

| **Premieavvik** | **2002-2016** | **2017** | **2 018** | **2 019** | **2 020** | **2 021** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| KLP Premieavvik | 35 504 451 | 2 213 018 | 11 613 674 | 11 047 546 | 17 000 897 | 14 977 029 |
| KLP Amortisering av premieavvik | -15 912 676 | -3 405 333 | -3 314 726 | -4 895 545 | -6 426 143 | -9 019 948 |
| SPK Premieavvik | 2 301 000 | -59 186 | 341 418 | 505 496 | 475 587 | 442 982 |
| SPK Amortisering av premieavvik | -553 643 | -292 794 | -309 625 | -304 949 | -341 393 | -394 520 |
| **Amortisert premieavvik eks. arbeidsgivara** | **21 339 132** | **19 794 837** | **28 125 578** | **34 478 126** | **45 187 074** | **51 192 617** |

Ein kommune bør vere i stand til å møte uventa økonomiske utfordringar og ha midlar på fond for å møte slike situasjonar. Det er eit mål at disposisjonsfonda skal utgjere 10% av brutto driftsinntekter. Ved utgangen av 2016 var disposisjonsfonda på 87,5 mill. som utgjorde 12,4% av driftsinntektene. Tabellen nedanfor viser utvikling i disposisjonsfond for perioden 2016-2021. I 2017 og 2018 vil disposisjonsfond bli redusert som følgje av større bruk av disposisjonsfond til finansiering av investeringar. Dette gjeld først og fremst finansiering av utbygginga av Sogndal helse- og omsorgssenter, utbygging av fjordstien og ny barnehage i Fosshagen.

| Disposisjonsfond | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Inngåande balanse | 71 559 | 87 517 | 73 141 | 69 204 | 75 937 | 86 983 |
| Avsetjing til fond | 61 012 | 28 885 | 37 635 | 36 449 | 36 765 | 38 345 |
| Bruk av fond drift | 25 720 | 25 307 | 26 516 | 27 716 | 25 719 | 25 172 |
| Bruk av fond investering | 19 334 | 17 954 | 15 056 | 2 000 | 0 | 0 |
| Utgåande balanse | 87 517 | 73 141 | 69 204 | 75 937 | 86 983 | 100 156 |
| | | | | | | |
| Disposisjonsfond i % av driftsinntekter | 12,4 % | 11,3 % | 9,9 % | 11,0 % | 12,6 % | 14,5 % |

# 3 Driftsbudsjett hovudtal

Dette kapitelet omhandlar generelle inntekter og utgifter som ikkje er knytt til ei særskilt tenester, jf. budsjettskjema 1A. Løn og pensjon som er fordelt på tenestene, vil likevel få ein kort omtale her.

**Skatt og rammetilskot**
For Sogndal kommune er den nominelle veksten frå 2017 til 2018 i skatt og rammeoverføring 3,1%. Veksten er rekna ut frå forventa rekneskap for 2017. I kroner utgjer dette 12,54 mill. I høve til kommunen sitt vedteke budsjett for 2017 er veksten på kr. 22,1 mill. Hovuddelen av rammetilskotetet vert fordelt gjennom innbyggjartilskotet. For 2018 er det lagt inn regionsentertilskot på kr 2 694 000. Det er ikkje lagd til grunn at kommunen får dette tilskotet frå 2019.

| | Bud 2017 | Endr. 2018 | Endr. 2019 | Endr. 2020 | Endr. 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Skatt på formue og inntekt | -194 391 000 | -12 617 000 | -12 617 000 | -12 617 000 | -12 617 000 |
| Rammetilskot inkl. inntektsutjamning | -206 572 000 | -9 827 000 | -7 133 000 | -7 133 000 | -7 133 000 |

<u>Veksttilskot</u>
Veksttilskot vert gitt til kommunar med befolkningsvekst over 1,4% gjennom den siste treårsperioden og som i tillegg har skatteinntekter under 140 pst. av landssnittet. Sogndal mottok veksttilskot på kr 845 000 i 2017. For 2018 kjem Sogndal under grensa på for veksttilskot med ein gjennomsnittleg befolkningsvekst dei siste tre åra på 1,37%

<u>Overgangsordning kommunar som skal slåast saman:</u>
Kommunar som skal slå seg saman og som tapte på endringane i basistilskotet og småkommunetillegget i inntektssystemet frå 2016 til 2017, blir kompensert for dette gjennom ei eiga overgangsordning fram til samanslåinga trer i kraft. I 2017 var kompensasjonen ein del av skjønstilskotet. I 2018 er overgangsordninga overførd til innbyggjartilskotet, og midlane er gitt ei særskild fordeling i tabell C i Grønt hefte. Fordelinga i 2017 vert vidareførd i 2018, og beløpet er prisjustert med kommunal deflator. For Sogndal utgjer dette 2,7 mill.

| | |
|---|---|
| Sogndal | 2 701 000 |
| Leikanger | 4 496 000 |
| Balestrand | 0 |
| **Sum** | **7 197 000** |

<u>Regionsentertilskot</u>
Regionsentertilskot vert tildelt kommunar der det er fatta eit nasjonalt vedtak om samanslåing i perioden for kommunereforma, og som etter samanslåinga får over om lag 8 000 innbyggjarar. Tilskotet vert tildelt med ein sats per innbyggjar på 66 kroner som for Sogndal sin del utgjer kr 524 000 og en sats per samanslåing på 3 158 000 kroner der Sogndal sin del utgjer 0,6871%. Sum regionsentertilskot for Sogndal utgjer kr 2 694 000.

Regionsentertilskotet vert utbetalt til den enkelte kommune i samanslåinga. Departementet tilrår at midlane vert brukt til fellestiltak for den nye kommunen.

| Regionsentertilskot | Tilskot pr innbyggjar kr 66 | | Tilskot pr samanslåing kr 3 158 000 | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Innbyggjartal pr. 1/1-2017 | Tilskot | I % | I kr. | Sum |
| Sogndal | 7 941 | 524 106 | 69 % | 2 169 862 | 2 694 000 |
| Leikanger | 2 332 | 153 912 | 20 % | 636 969 | 791 000 |
| Balestrand | 1 288 | 85 008 | 11 % | 352 117 | 437 000 |
| **Sum** | **11 561** | **763 026** | **100 %** | **3 158 947** | **3 922 000** |

**Eigedomsskatt**
Kommunen får eigedomsskatteinntekter frå verk og bruk (i det vesentlege kraftsektoren), næringseigedomar og bustader (bustader, våningshus, fritidsbustader). Frå 2015 gjekk kommunen over til å nytte formuegrunnlag frå skatteetaten som grunnlag for utrekning av eigedomskatt på bustadar. Dette gjev ei årleg justering av taksten på bustaden, og ikkje kvart tiande år. For andre skatteobjekt som næringseigedomar, våningshus og fritidsbustadar er det gjennomførd kommunal taksering med verknad frå 2016. Takst for kraftverk vert kvart år fastsett av skatteetaten. I økonomiplan er eigedomsskattane justert i forhold til rekneskapen i 2017. I tillegg er det lagt inn auke som gjeld nye skatteobjekt frå 2018.

| | Bud 2017 | Endr. 2018 | Endr. 2019 | Endr. 2020 | Endr. 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Eigedomsskatt verk og bruk | -13 227 900 | -1 837 100 | -1 837 100 | -1 837 100 | -1 837 100 |
| Eigedomsskatt næring | -7 000 000 | 440 000 | 440 000 | 440 000 | 440 000 |
| Eigedomsskatt bustader og fritidshus | -17 500 000 | -1 164 000 | -1 164 000 | - 1 164 000 | -1 164 000 |
| **Sum** | **-37 727 900** | **-2 561 100** | **-2 561 100** | **- 2 561 100** | **-2 561 100** |

**Investeringstilskot og rentekompensasjon**
Investeringstilskot sjukeheimar og omsorgsbustader og rentekompensasjon skule- og kyrkjebygg er budsjettert ut frå prognose frå Husbanken. Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskulereforma (L97) gjeld kompensasjon for meirutgifter til investeringar i samband med innføring av skulestart for 6 åringar i 1997. Ordninga vart avvikla frå 2. halvår 2017.

| | Bud 2017 | Endr. 2018 | Endr. 2019 | Endr. 2020 | Endr. 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Inv. tilskot sjukeheimar og omsorgsb. | -2 035 000 | -28 000 | -2 000 | 24 000 | 50 000 |
| Rentekompensasjon skulebygg | -487 000 | 72 000 | 111 000 | 150 000 | 188 000 |
| Rentekompensasjon kyrkjebygg | -130 000 | - 6000 | -2 000 | 1 000 | 4 000 |
| Rentekompensasjon reform 97 | -325 000 | 325 000 | 325 000 | 325 000 | 325 000 |

**Statstilskot flyktningar og vertskommunetilskot asylmottak**
Statstilskot flyktningar vert budsjettert med 31,7 mill. etter følgjande føresetnadar:

- busetjing i samsvar oppmoding frå IMDI om å ta imot 18 primærflyktningar
- ingen flyttar i den perioden vi får integreringstilskot (dei 5 første åra).
- familiesameinte kjem i tillegg

Kommunen får vertskommunetilskot frå UDI som skal dekke gjennomsnittlige utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i samband med at det vert drive asylmottak i kommunen. Tilskotet er budsjettert på nivå med rekneskapsførd tilskot i 2017 til 2,3 mill

| | Bud 2017 | Endr. 2018 | Endr. 2019 | Endr. 2020 | Endr. 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Statstilskot flyktningar | -31 570 900 | -130 400 | -130 400 | -130 400 | -130 400 |
| Statstilskot asylantar | -2 392 000 | 92 000 | 92 000 | 92 000 | 92 000 |

## Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgift er ein kompensasjon til kommunar for skader og ulemper som følgje av vasskraftutbygging. Det er NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) som fastset avgifta med indeksregulering kvart 5 år. Avgifta vert utbetalt frå kraftverkseigarane med om lag kr 214 000 frå Sognekraft AS og kr 104 000 frå SFE Produksjon AS.

| | Bud 2017 | Endr. 2018 | Endr. 2019 | Endr. 2020 | Endr. 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Konsesjonsavgift | -309 000 | -9 000 | -9 000 | -9 000 | -9 000 |

## Renter og avdrag på lån

Renter og avdrag er budsjettert ut frå gjeldande nedbetalingsplan på lån og berekna nye låneopptak i samsvar med investeringsplan for perioden. For lån med flytande rente er det budsjettert med ein rentesatsar med utgangspunkt i prognose frå Kommunalbanken med eit mindre tillegg. Rentesatsar for dei ulike åra er: 1,7% for 2018, 1,7% for 2019, 2,1% for 2020 og 2,1% for 2021. Om lag 16% av låneporteføłja pr 01.01.2018 har fastrenteavtale med 2,2% rente.

| | Bud 2017 | Endr. 2018 | Endr. 2019 | Endr. 2020 | Endr. 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Renteutgifter | 11 071 038 | 396 309 | 926 607 | 3 044 823 | 2 893 498 |
| Avdragsutgifter | 32 961 474 | -3 956 534 | -339 506 | -1 618 315 | -3 855 928 |

## Renteinntekter

Renter på bankinnskot er budsjettert med same rentesatsar som for renteutgifter ovanfor. En del av renteinntektene gjeld renter av fondsmidlar og skal avsetjast til fond. Renter på utlån gjeld utlån til Sogndal Fotball, Kaupanger idrettslag, Sogndal kulturhus, Sogndal skisenter, Sognahallen og startlån og er budsjettert etter gjeldande nedbetalingsplan og rentesats.

| | Bud 2017 | Endr. 2018 | Endr. 2019 | Endr. 2020 | Endr. 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Renteinntekter bankinnskot | -1 790 730 | 35 140 | 5 023 | -345 456 | -380 540 |
| Renteinntekter av fond som | -369 270 | 84 860 | 114 977 | 105 456 | 140 540 |
| Renteinntekter på utlån | -283 199 | -5 214 | 14 143 | 33 696 | 18 386 |
| Renteinntekter utlån startlån | -400 000 | -170 000 | -200 000 | -220 000 | -240 000 |

## Aksjeutbyte og avkastning verdipapirfond

Kommunen sin del av aksjane i Sognekraft er 10,98%. Som regel vert ein del av overskotet førre år utbetalt som utbyte til eigarane. Det er varsla frå Sognekraft at det som følgje av fullføring av kraftverka i Fjærland ikkje vil bli betalt utbyte i 2018. Som følgje av utbygging av kraftverk i Leikanger kan ein heller ikkje pårekne utbetaling av utbyte i 2019. Utbyte frå Sentrumsbygg AS er budsjettert med 276 000, og er uendra.

Det er budsjettert med ei forventa avkastning på verdipapirfond på 4%, og med føresetnad om uendra porteføljesamansetjing.

| | Bud 2017 | Endr. 2018 | Endr. 2019 | Endr. 2020 | Endr. 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Aksjeutbyte | -1 208 202 | 932 202 | | | |
| Avkasting verdipapir | -744 000 | -51 000 | -83 000 | -116 000 | -150 000 |

## Avsetjing og bruk av fond

Nedanfor følgjer ei oppstilling over budsjettert avsetjing og bruk av fond i driftsrekneskapen som går fram av budsjettskjema 1A. Avsetjing og bruk av fond som er budsjettert på dei enkelte tenesteområda budsjettskjema 1B, er ikkje med i oppstillinga.

| Avsetjing disposisjonsfond | Spesifikasjon | 2 018 | 2 019 | 2 020 | 2 021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Disposisjonsfond | | 0 | 0 | 9 682 | 1 853 984 |
| Vedlikehaldsfond | Årleg avsetjing til vedlikehald | 650 000 | 650 000 | 650 000 | 650 000 |
| Flyktningefond | Avsetjing flyktningtilskot | 31 701 300 | 31 701 300 | 31 701 300 | 31 701 300 |
| Avkastningsfond Kraftfond II | Renter av bankinnskot fondsmidlar | 51 000 | 51 000 | 60 000 | 60 000 |
| | Renter på utlån | 338 813 | 354 960 | 299 903 | 320 371 |
| | Avkastning verdipapirfond | 795 200 | 827 008 | 860 088 | 894 492 |
| Fond nye Sogndal kommune | Regionssentertilskot | 1 234 000 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum** | | **34 770 313** | **33 584 268** | **33 580 973** | **35 480 147** |

| Avsetjing bundne driftsfond | Spesifikasjon | 2 018 | 2 019 | 2 020 | 2 021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Konsesjonsavgiftsfond | Årleg konsesjonsavgift | 318 000 | 318 000 | 318 000 | 318 000 |
| Konsesjonsavgiftsfond | Renter av konsesjonsavgiftsfond | 46 410 | 50 293 | 63 814 | 68 730 |
| Næringsfond | Renter av næringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| VAR-fond | Renter av VAR-fond | 187 000 | 153 000 | 140 000 | 100 000 |
| **Sum** | | **551 410** | **521 293** | **521 814** | **486 730** |

| Bruk av disposisjonsfond | Spesifikasjon | 2 018 | 2 019 | 2 020 | 2 021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Disposisjonsfond | | -862 486 | -2 427 006 | -399 654 | 0 |
| Avkastingsfond | Til seinare fordeling | -150 000 | 0 | 0 | 0 |
| | Tilskot Luster turlag | -100 000 | | | |
| | Tilskot hallleige | -100 000 | | | |
| Parkeringsfondet | Renter av lån parkering/sentrumspark | -1 045 000 | -1 030 000 | -1 055 000 | -913 000 |
| | | **-2 257 486** | **-3 457 006** | **-1 454 654** | **-913 000** |

Dette gir følgjande endringar i økonomiplanperioden:

| | Bud 2017 | Endr. 2018 | Endr. 2019 | Endr. 2020 | Endr. 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Avsetjing disposisjonsfond | 33 293 901 | 1 476 412 | 290 367 | 606 568 | 2 186 246 |
| Avsetjing bundne driftsfond | 633 270 | -81 860 | -111 977 | -111 456 | -146 540 |
| Bruk av disposisjonsfond | -1 600 810 | -656 676 | -1 856 196 | 141 156 | 687 810 |

**Overføring til investeringsrekneskapen**
For 2018 vert det budsjettert med overføring til investeringsrekneskapen med kr 8 018 000 til finansiering av fleire prosjekt.

| | Bud 2017 | Endr. 2018 | Endr. 2019 | Endr. 2020 | Endr. 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Overføring til investeringsrekn. | 6 270 000 | 148 000 | -3 840 000 | -3 750 000 | -3 750 000 |

**Andre budsjettpostar som er fordelt på einingane eller som er avsett til seinare fordeling.**
Løn vert budsjettert etter heimelsbudsjettet, det vil seie eit oversyn over alle oppretta stillingar i kommunen med stillingsstorleik og årslønn. Heimelsbudsjettet er oppdatert med heilårsverknad av lønsoppgjeret for 2016. For skulane er det lagd til ein lønsvekst på 2,4%. Samla lønsbudsjett for skulane vert fordelt på skulane etter minstetimetalsmodellen. For tenesteeining pleie og omsorg er heimelsbudsjettet justert med 2,5. For lønsoppgjeret i 2018 er det avsett ein samla pott til fordeling på 6,2 mill. kroner inkl. sosiale utgifter. Avsetjinga vert fordelt på einingane når resultatet av lønsoppgjeret for 2018 er klart.

Pensjon er budsjettert etter prognosar frå KLP (Kommunal landpensjonskasse) og SPK (Statens pensjonskasse ). Prognosane byggjer på eit estimert pensjonsgrunnlag pr. 31.12.2017, med tillegg av forventa lønsvekst. Samla pensjonskostnad er budsjettert med 43,3 mill. kroner og inneheld pensjonspremie, premieavvik, amortisering av premieavvik og tilbakeføring frå premiefond. Dette gir ein auke i budsjetterte pensjonskostnader i forhold til budsjett 2017 med 2,9 mill.

# 4 Driftsbudsjett og resultatmål for tenestene

Budsjettet er delt inn i 4 hovudområde – fellesområdet, oppvekst, omsorg, helse og velferd og tekniske tenester.

Innanfor dei fire hovudområda er analyse, utfordringar, politiske resultatmål og budsjettrammer presentert etter Kostrafunksjon. Budsjettendringar, ut over korrigeringar for løns- og prisvekst og opprettingar, er kommentert under budsjettmerknader. Oversyn over budsjettrammene for dei ulike tenesteområda går fram av budsjettskjema 1 B.

Folketalsutvikling og nøkkeltal Kostra er dei viktigaste data for analysen. Når det gjeld folketalsutvikling nyttar vi SSB sine prognosar, der vi har vald mellomalternativet. Det vil sjølvsagt vere uvisse knytt til folketalsutviklinga, men tala frå SSB er det beste planleggingsgrunnlaget vi har for folketalsutvikling. Når det gjeld kvalitetsvurderingar har vi teke utgangspunkt i brukargranskingar, tilsyn og om internkontrollen (avvik og risikovurderingar) har avdekka tilhøve som påverkar kvaliteten på tenestene.

Diagrammet nedanfor viser korleis driftsutgiftene 2018 er fordelt på dei ulike tenesteområda.




## 4.1 Politisk styring og administrasjon

### 4.1.1 Politisk styring og kontroll

Området omfattar politisk verksemd i kommunestyret, formannskapet og forvaltningsutvalet samt kontrollutval og revisjon med følgjande funksjonar i Kostra: 100 politisk styring, 110 kontroll og revisjon.

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter til politisk styring i kr. pr. innbyggjar | 378 | 335 | 396 | 348 |
| Brutto driftsutgifter til kontroll og revisjon i kr. pr. innbyggjar | 93 | 116 | 102 | 89 |

Samla ligg vi like over Kostragruppa både når det gjeld driftsutgifter til politisk styring, kontroll og revisjon. Kommunen nytta i 2016 kr. 376 000 meir på politisk styring enn Kostragruppa, medan vi nytta kr. 102 000 meir enn Kostragruppa på driftsutgifter til kontroll og revisjon dette året.

Kommunestyret har vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Som følgje av kommunesamanslåinga vil det ikkje bli gjennomførd planlagde forvaltningsrevisjonar i 2018 og 2019, jf. kap. 1.

**Kvalitetsvurderingar**

Resultatmål for 2017 om å revidere kommuneplanen vart vedteke utsett til ny kommune etter 2020.

**Politisk resultatmål politisk styring og kontroll**

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Utviklingsområde | 1. Vi skal gje arbeidet med etablering av nye Sogndal kommune høgaste prioritet både politisk og administrativt. |

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 3 698 537 | 3 540 533 | 3 640 533 | 3 640 533 | 3 740 533 |

| **Nye tiltak** | **2 018** | **2 019** | **2 020** | **2 021** |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst | 41 996 | 41 996 | 41 996 | 41 996 |
| Utgifter til val | -100 000 | | -100 000 | |
| Forvaltingsrevisjon - reduksjon | -100 000 | -100 000 | | |
| **Sum** | **-158 004** | **-58 004** | **-58 004** | **-58 004** |

Budsjettmerknader:

- Utgifter på kr 100 000 i samband med kommune- og stortingsval. Budsjett vert teke ut for åra 2018 og 2020.
- Det skal ikkje gjennomførast forvaltingsrevisjon av kontrollutvalet i 2018 og 2019, jf. omtalen under kap. 1. Budsjettet vert teke ut desse åra.

### 4.1.2 Administrasjon

Området omfattar overordna leiing, økonomiforvaltning, personalforvaltning, arkiv, tenestetorg, ikt og har følgjande funksjonar i Kostra: 120 administrasjon, 130 administrasjonslokale.

**Analyse og utfordringar**

**Nøkkeltal Kostra**

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter til administrasjon i kr. pr. innbyggjar | 2 898 | 3 046 | 3 167 | 3 319 |

Vi nyttar mindre enn Kostragruppa til administrasjon. Differansen mellom kommunen og Kostragruppa utgjer i 2016 om lag 1,2 mill. kroner.

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 23 387 754 | 25 538 156 | 25 578 156 | 25 378 156 | 25 578 156 |

| Nye tiltak | 2 018 | 2 019 | 2 020 | 2 021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst | 1 290 402 | 1 290 402 | 1 290 402 | 1 290 402 |
| Korrigering av feil i budsjettet frå 2017 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 |
| Tilsettedag | -200 000 | | -200 000 | |
| Auka budsjett IKT- lisensar og programvare | 400 000 | 400 000 | 400 000 | 400 000 |
| KS-Digitalisering | 160 000 | | | |
| **Sum** | **2 150 402** | **2 190 402** | **1 990 402** | **2 190 402** |

Budsjettmerknader:

- Kr 500 000 som i 2015 vart avsett til taksering av eigedomsskatt er ved ein feil teke ut av budsjettet to gonger slik at budsjettet på konto for konsulenttenester er negativt.
- Tilsettedagen vert arrangert annakvart år, neste gong i 2019. Kr 200 000 ligg inne i budsjettet dei åra tilsettedagen vert arrangert.
- Som følgje av nye lisensar og programvare siste åra er det behov for å styrke budsjettet på IKT. Driftsbudsjettet til IKT har ikkje vorte oppjustert i forhold til auka aktivitet siste åra. Kr 200 000 av dette er finansiert ved å redusere den årlege løyvinga i investeringsbudsjettet.
- KS-Digitalisering gjeld deltaking i nasjonalt prosjekt om digitalisering i kommunal sektor.

### 4.1.3 Andre fellesområde

Området omfattar 170 årets premieavvik, 171 amortisering av tidlegare års premieavvik, 172 pensjon – pensjonsutgifter som ikkje vert fordelt på tenestefunksjonar, 174 premiefond, 180 diverse fellesutgifter, 190 interne fordelingspostar, 285 tenester utanfor ordinært ansvarsområde og 860 motpost avskrivingar.

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| -19 991 049 | -21 186 660 | -21 236 660 | -21 236 660 | -21 236 660 |

| Nye tiltak | 2 018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst | 63 891 | 63 891 | 63 891 | 63 891 |
| Redusert avsetjing til lønsoppgjeret | -1 329 583 | -1 329 583 | -1 329 583 | -1 329 583 |
| Avsetjing til seinare fordeling | 70 081 | 20 081 | 20 081 | 20 081 |
| **Sum** | **-1 195 611** | **-1 245 611** | **-1 245 611** | **-1 245 611** |

Budsjettmerknader:

- Avsetjing til lønsoppgjeret ligg inne med 7,53 mill. inkl. sosiale utgifter. Budsjettet vert redusert med kr. 1,33 mill. ut frå forventa lønsvekst i 2018.
- I avsetjing til seinare fordeling er det lagt inn ein prisauke på kr 20 081. Avsetjingane vert fordelt på tenesteområda som har lærlingar og tilsette som brukar bil i teneste. I budsjettet for 2018 ligg og kr 50 000 som gjeld bruk av avkastingsfondet og som seinare skal fordelast på føremål.

### 4.1.4 Kyrkjeleg fellesråd og andre trussamfunn

Område omfattar Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd sine oppgåver i Sogndal (drift av kyrkjer med kapell/bårehus og gravlundar, administrasjon og prestetenesta) samt kommunalt tilskot til andre trussamfunn og har følgjande funksjonar i Kostra: 390 Den norske kyrkja, 392 tilskot til trus- og livssynsamfunn, 393 gravplassar og krematorium.

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 4 311 990 | 4 572 478 | 4 472 478 | 4 472 478 | 4 472 478 |

| Nye tiltak | 2 018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Auka tilskot kyrkja og andre livssynsorganisasj. | 160 488 | 160 488 | 160 488 | 160 488 |
| Tilskot til orgelrestaurering | 100 000 | | | |
| **Sum** | **260 488** | **160 488** | **160 488** | **160 488** |

Budsjettmerknader:

- Budsjett for årleg driftstilskot til kyrkjeleg fellesråd og andre trussamfunn er auka med kommunal deflator. I tillegg er det lagt inn ein auke med kr 50 000 i tilskot til andre livssynsorganisasjonar.
- Kommunen gir eit tilskot på 100 000,- i 2018 til kyrkjeleg fellesråd til dekking av meirutgifter til restaurering av orgel i Stedje kyrkje.

## 4.2 Oppvekst

**Overordna analyse av oppvekstsektoren**

Oppvekstsektoren i Sogndal omfattar barnhage, skule, PPT, barnevern, helsestasjon, ungdomsavdeling, bibliotek og kultur.

For oppvekstsektoren er det særleg aldersgruppa 0-20 år som er dimensjonerande for teneste våre. Framskrivingar av folketala for denne gruppa syner følgjande:

| År | 2017 | 2020 | 2025 | 2030 | 2035 | 2040 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 | 110 | 115 | 122 | 118 | 113 | 113 |
| 1- 5 | 452 | 518 | 612 | 626 | 607 | 594 |
| 6 -15 | 962 | 940 | 995 | 1 149 | 1 264 | 1 268 |
| 16 -19 | 414 | 413 | 405 | 397 | 461 | 524 |
| Sum 0-19 | 1 938 | 1 986 | 2 134 | 2 290 | 2 445 | 2 499 |

Veksten i tal born 1-5 år har fått konsekvensar for barnehagetilbodet, og vil også ha konsekvensar for det øvrige tenestetilbodet vårt. Prognosen frå helsestasjon/jordmorteneste på tal fødde i 2017 er 110, og dette talet er lagt til grunn i tabellen, framfor SSB si prognose.

For andre tenester i oppvekstsektoren vil heile aldersgruppa vere potensielle tenestemottakarar, slik at folketalsveksten vil gjere seg gjeldande på dei fleste område. Dette er omtala nærare på det einskilde punkt.

Sogndal har for første gong utarbeidd ein felles oppvekstplan for heile oppvekstsektoren. I 2017 har heile oppvekstsektoren jobbar saman om ein handlingsplan som oppfølging av oppvekstplanen.

For å jobbe vidare med dette, har Sogndal kommune fått støtte av helsedirektoratet til å implementere deira modell; betre tverrfagleg innsats (BTI-modellen).BTI  er eit samhandlingsverkty for tenester til barn og unge. Dette arbeidet vil ha ein prosjektperiode på 5 år. Som ein del av oppstartsfasen vil det i samarbeid med Korus Vest bli gjennomført ein nullpunktsundersøking for å evaluere tverrfagleg samarbeid. Denne vil bli gjennomført i 2018. Nullpunktsundersøkinga gjev eit grunnlag for å vurdere effekten av BTI-arbeidet undervegs og etter prosjektperioden.

**Politiske resultatmål**

Politiske resultatmål for 2017 vil verte gjennomført.

| ***Politiske resultatmål 2018*** | |
|---|---|
| Fokusområde | Resultatmål |
| Utviklingsoppgåver | 1. Vi skal gjennomføre handlingsplan for oppvekstplan for Sogndal kommune i planperioden.<br>2. Vi skal gjennomføre nullpunktsundersøking for tverrfagleg samarbeid, og identifisere tiltak for vidare arbeid basert på denne. |

### 4.2.1 Helsestasjon

Området omfattar helsestasjon, skulehelsetenesta og jordmortenesta og gjeld følgjande funksjonar i Kostra: 232 førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste.

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til førebyggande helsestasjons- og skulehelsetenesta pr. innbyggjar 0-5 år | 9 171 | 9 946 | 9 893 | 8 914 |
| Netto driftsutgifter til førebyggande helsestasjons- og skulehelsetenesta pr. innbyggjar 0-20 år. | 2 493 | 2 611 | 2 638 | 2 416 |
| Del barn som har fullført helseundersøking innan utgangen av 1. skuletrinn | 101 | 107 | 104 | 93 |
| Årsverk i alt pr. 10 000 innbyggjar 0-5 år | 219,9 | 210,4 | 202,4 | 151,7 |

Kostratala for 2016 viser at variablane er relativt uforandra frå 2015 til 2016 for Sogndal sin del. Vi nyttar om lag 500 000 meir enn kostragruppa innan helsestasjon og skulehelseteneste.

Vi har i 2017 auka helsestasjon og jordmorteneste med totalt 60% stilling, der 40% er knytt til tenesteleiar, 10% auka jordmorressurs og 10% auka ressurs til reisevaksinering. Vi har auke i tal fødslar og dei fødande vert utskrivne frå sjukehuset tidlegare. Det er auka behov for tidleg heimebesøk og tettare oppfølging av både mor og barn. Dei nasjonale retningslinjene for barselomsorg tilrår at det skal tilbydast heimebesøk frå jordmor 1-3 dagar etter heimkomst til alle barselkvinner for å gjere gode observasjonar. Kombinasjonen med auka tal fødslar og nasjonale føringar gjer til at det er behov for å utvida jordmortenesta.

***Kvalitetsvurderingar***

Resultatmål for 2017 vil verte gjennomført. Vi har fått styrka kvalitetsarbeidet monaleg etter at det vart gjort organisatoriske endringar med ny tenesteleiar for eininga. I 2017 gjennomfører vi eit prosjekt med fokus på leiing, fag og utvikling, noko som vil gje ytterlegare kvalitetssikra tenester. I 2017 har vi også starta opp eit prosjekt med fokus på tidleg innsats og tidleg førebygging, satsing på skulehelsetenesta på ungdomsskulane, psykiatrisk sjukepleiar på helsestasjonen og styrking av våre førebyggjande program. Dette arbeidet fekk vi kr. 2 290 000 til i 2017, og gjennomføringa vil strekke seg gjennom 2018.

| ***Politiske resultatmål 2018*** | |
|---|---|
| *Fokusområde* | *Resultatmål* |
| Brukar | 1. Vi skal tilby rettleiinga DuÅ til minst 4 foreldregrupper i 2018.<br>2. Alle barselkvinner skal få tilbod om heimebesøk av jordmor. |

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 6 283 933 | 6 684 870 | 6 684 870 | 6 684 870 | 6 684 870 |

| Nye tiltak | 2 018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst med korrigeringar | 470 587 | 470 587 | 470 587 | 470 587 |
| Kurs fagsystem HsPro | -15 000 | -15 000 | -15 000 | -15 000 |
| Auka refusjon jordmorteneste | -54 650 | -54 650 | -54 650 | -54 650 |
| **Sum** | **400 937** | **400 937** | **400 937** | **400 937** |

Budsjettmerknader:

- Det vart løyvd kr 30 000 til kurs i fagsystemet HsPro i 2017. Kr 15 000 vert teke ut att av budsjettet frå 2018.
- Auka refusjon jordmorteneste gjeld auka refusjon frå Helfo til følgjeteneste ambulanse.

### 4.2.2 Barnevern

Området omfattar Sogndal kommune sin del av vertskommunesamarbeidet innan barnevern og har følgjande funksjonar i Kostra: 244 barnevernsteneste, 251 barnevernstiltak i familien, 252 barnevernstiltak utanfor familien. Andre kommunar sin del av Sogn barnevern vert førd på kostrafunksjon 290 og vert refundert.

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter pr. innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta | 6 081 | 5 302 | 5 224 | 8 691 |
| Netto driftsutgifter per barn med tiltak | 190 537 | 175 538 | 179 900 | 182 619* |
| Del barn med barnevernstiltak i høve til innbyggjar 0-17 år | 3,2 | 3,1 | 2,9 | 4,9* |
| Barn med undersøking eller tiltak pr. årsverk | 15 | 15,6 | 21,4 | 15,4* |

*Gjeld landet, tal for Kostra gruppe 8 ligg ikkje føre

Kostratala for 2016 syner at vi ikkje har store endringar frå tidlegare år, med unntak av undersøking eller tiltak pr. årsverk der vi har ein stor auke og der vi ligg og over landsgjennomsnittet. Samanlikna med kostragruppa brukar vi mindre i kroner både i netto driftsutgifter pr. innbyggjar mellom 0-17 år, og vi ligg litt under landsgjennomsnittet pr. barn med tiltak målt i netto driftsutgifter.

**Kvalitetsvurderingar**

Vi vil nå dei tre resultatmåla (fristbrot, tiltaksplan og tilsynsbesøk) tilnærma fullt ut for 2017.

Resultatet frå medarbeidarkartlegginga som vart gjort første kvartal 2018, syner særs gode resultat på alle områder. Også sjukefråværet har gått monaleg ned og ligg første halvår på snittet elles i kommunen.

Dokumenttilsyn som vart gjennomført av fylkesmannen i Sogn og Fjordane hausten 2016, vert følgt opp gjennom tenesta sin forbetringsplan som vart utarbeida av ei samla teneste første kvartal 2017.

| **Politiske resultatmål for 2018** | |
|---|---|
| Fokusområde | Resultatmål |
| Brukar | 1. Vi skal ikkje ha fristbrot i barnevernet.<br>2. Alle barn i barnevernet som har tiltak skal ha tiltaksplan med jamleg evaluering.<br>3. Alle barn i fosterheim skal få oppfylt minimumskrava for tilsynsbesøk. |

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 9 088 793 | 9 514 909 | 9 514 909 | 9 514 909 | 9 514 909 |

| Nye tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst inkl. nye årsverk | 492 910 | 492 910 | 492 910 | 492 910 |
| Redusert tiltaksbudsjett Sogndal | -139 794 | -139 794 | -139 794 | -139 794 |
| Ny vaktordning | 73 000 | 73 000 | 73 000 | 73 000 |
| **Sum** | **426 116** | **426 116** | **426 116** | **426 116** |

Budsjettmerknader:

- Budsjettramme og nye tiltak ovanfor gjeld Sogndal kommune sin del av Sogn barnevern. Andre kommunar sin del av samarbeidet vert refundert frå deltakarkommunane.
- Det er lagt inn auke på 1,3 nye årsverk som barnevernskonsulentar/tiltaksarbeidarar finansiert med reduksjon av tiltaksbudsjett.
- Det er lagt inn kr 101 000 i budsjettet til etablering av ei barnevernsvaktordning frå sommaren 2017. Budsjettet vert auka med kr 73 000 til heilårsverknad frå 2018.

### 4.2.3 Barnehage

Området omfattar drift av kommunale barnehagar og tilskot til private barnehagar, særskilde tiltak til førskulebarn, samt drift og vedlikehald av kommunale barnehagar og har følgjande funksjonar i Kostra:  201 førskule, 211 styrka tilbod til førskulebarn og 221 førskulelokale.

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter barnehagesektoren i % av kommunen sine totale netto driftsutgifter | 14,5 | 14,2 | 14,0 | 16,2 |
| Netto driftsutgifter pr. innbyggjar 1-5 år i kr. | 121 663 | 125 820 | 131 151 | 133 537 |
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass | 92,1 | 90,3 | 92,6 | 90,9 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Andel minoritetsspråklege barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år | 76,9 | 55,6 | 65,5 | 74,2 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner pr. barn i kommunal barnehage | 162 775 | 169 329 | 174 162 | 180 108 |
| Andel tilsette med barnehagelærerutdanning | 46,5 | 42,4 | 38,0 | 37,0 |
| Brutto driftsutgifter til «styrka tilbod til førskulebarn» pr. barn som får ekstraressursar, alle barnehagar | 87 878 | 102 700 | 77 453 | 82 246 |
| Andel barn som får ekstra ressursar til «styrka tilbod til førskulebarn», i forhold til alle barn i barnehage | 9,8 | 9,9 | 12,9 | 14,3 |

I 2015 var netto driftsutgifter pr. innbyggjar 1-5 år på gjennomsnittet med Kostragruppa. I 2016 ligg vi litt under. Barnehagedekninga i kommunen låg i 2015 på gjennomsnittet med kostragruppa, i 2016 ligg vi noko over. Alle som har rett på plass, får tilbod om plass. Også fleire barn utan rett på plass får tilbod om plass.

For minoritetsspråklege barn i barnehage har delen auka frå 2015, men vi ligg framleis under kostragruppa. Barn som treng språkleg og kulturell integrering, og der begge foreldra er tospråklege/framandspråklege, har prioritet ved opptak. Dette året kom det flyktningar utanom barnehageopptaket som vi ikkje hadde ledige plassar til i barnehagane. Sidan arealkapasiteten i barnehagane er fullt ut utnytta, har det heller ikkje vore mogleg å utvide med plassar om det var aktuelt. Denne gruppa barn er høvesvis lita, og det gjev såleis stort utslag i statistikken. Dette har vore eit resultatmål i 2017, og vi har jobba aktivt gjennom prosjektet kompetanse for mangfald med dette.

Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner pr. barn i kommunal barnehage ligg framleis under kostragruppa.

Tilsette med barnehagelærarutdanning har gått noko ned, men ligg litt i overkant av kostragruppa. Alle pedagogstillingane er bemanna med barnehagelærarar. At vi har gått ned kan skuldast at vi innan spesialpedagogisk arbeid i periodar nyttar fagarbeidarar/assistentar når behovet er praktisk hjelp. I tillegg fekk vi heilårsverknad av auke i bemanning frå 2,85 til 2,9 frå 15.08.15 med assistent/fagarbeidar. Det har også vore ein liten reduksjon av assistentar med barnehagelærarutdanning. Det er ingen dispensasjon frå krav om pedagog.

Brutto driftsutgifter til «styrka tilbod til førskulebarn» pr. barn som får ekstraressursar har gått mykje ned sidan 2015, og ligg under kostragruppa. Samla utgifter er fordelt på fleire barn enn 2015.

Det er framlegg om nasjonale føringar på grunnbemanning og pedagognorm i barnehage. Framlegg til grunnbemanning er 3 pr. avdeling, og samsvarar med den grunnbemanninga Sogndal kommune har etablert frå 1.8.2017. Frå 1.8.2018 er det nye krav til pedagognorm, der det skal vere 1 pedagog pr. 7 småbarn og 1 pedagog pr. 14 store barn. Vi vil måtte erstatte ledige årsverk som assistent og fagarbeidar med pedagogårsverk for å oppnå kravet. Totalt i kommunale og private barnehagar må det tilsetjast 6 nye pedagogar.

I 2018 og fram til første halvdel av 2019 vil Sogndal, saman med dei andre kommunane i regionen ta del i Utdanningsdirektoratet si satsing på inkluderande barnehage- og skulemiljø. Regionen vil tilsetje ein ressursperson i 40% innan barnehage og tilsvarande innan skule.

***Kvalitetsvurderingar***

Resultatmål for 2017 vil verte nådde. Manglande arealkapasitet i barnehagane gjer at det er vanskeleg å ta inn minoritetsspråklege barn som søkjer om barnehageplass utanom hovudopptaket.

Det har ikkje vore gjennomført nokon eksterne tilsyn i 2017. Vi ser behov for å styrke fokus på SKK-arbeidet vårt.

| ***Politiske resultatmål 2018*** | |
|---|---|
| *Fokusområde* | *Resultatmål* |
| Brukarar | 1. Vi skal auke delen innvandrarbarn som går i barnehage minst til landsgjennomsnittet. |
| Utviklingsoppgåver | 2. Vi skal arbeide med eit heilskapleg barnehagemiljø med vekt på vaksenrolla gjennom opplæring og arbeid med ny rammeplan og inkluderande barnehage- og skulemiljø samt bruk av IKT-plan for å fremje digital kompetanse i barnehage.<br>3. Vi skal bygge ut ny sentrumsbarnehage innan august 2019 og vurdere behovet for vidare barnehageutbygging i kommunen. |

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 60 447 012 | 72 778 582 | 72 880 232 | 71 261 582 | 71 261 582 |

| **Nye tiltak** | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst + nye stillingar | 4 349 585 | 4 349 585 | 4 349 585 | 4 349 585 |
| Auka grunnbemanning barnehagar | 555 000 | 859 000 | 1 285 000 | 1 285 000 |
| Inntektsgradert foreldrebetaling | 200 000 | 200 000 | 200 000 | 200 000 |
| Auka tilskot til private barnehagar | 3 196 788 | 3 196 788 | 3 196 788 | 3 196 788 |
| Spesped – Ny brukar | 370 000 | | | |
| Felles logopediteneste | 84 697 | 84 697 | 84 697 | 84 697 |
| Ny pedagognorm | 300 000 | 720 000 | 720 000 | 720 000 |
| FDV - Mellombels barnehage Kjørnes | 52 000 | 110 000 | | |
| Løn m.m mellombels barnehageavd. Kjørnes | 570 000 | 950 000 | | |
| Inventar Kjørnes barnehage | 100 000 | | | |
| Auka plassar i barnehagane | 2 553 500 | 1 963 150 | 978 500 | 978 500 |
| **Sum** | **12 331 570** | **12 433 220** | **10 814 570** | **10 814 570** |

Budsjettkommentarar:

- I tillegg til generell løns- og prisvekst er det lagt inn nye stillingar i samsvar med barnehageopptaket for inneverande barnehageår.
- Grunnbemanninga i kommunale barnehagar vert auka til 3 stillingar pr. avdeling frå hausten 2017. Det er lagd inn halvårsverkand av tiltaket i 2017 og heilårsverknad frå 2018. Då tilskotet til private barnehagar byggjer på rekneskapen til dei kommunale for 2 år tilbake i tid vil tiltaket føre til auka tilskot til private barnehagar frå 2019. Heilårsverknaden for dei private barnehagane er kostnadsrekna til kr 730 000.
- Inntektsgradert foreldrebetaling/gratis kjernetid er har eit omfang som er kr 200 000 meir enn det som er lagt inn i 2017-budsjettet.

- Tilskot til private barnehagar vert rekna ut frå rekneskapen for dei kommunale barnehagane for 2016. Det vert lagt til kommunal deflator for 2017 og 2018. Sats for administrasjonskostnad er nasjonalt auka frå 4% til 4,3% og for kapitaltilskot frå kr 8 600 til kr. 9 200 pr. barn. Tilskotet aukar òg som følgje av at dei private barnehagane har tek inn fleire barn.
- Sogndal sin del av interkommunal logopediteneste knytt til barnehage utgjer kr 84 697.
- Justering for å oppfylle ny pedagognorm frå 1.8.18. Kostnaden inneheld lønsskilnad får assistentstilling, inklusiv sosiale utgifter.
- FDV-kostnad for ny barnehageavdeling på Kjørnes. 5 månader drift i 2018 og 8 i 2019.
- Driftskostnadar til løn m/sosiale utgifter og utstyr for drift av ei mellombels barnehageavdeling i Kjørnes barnehage. Drift 4,5 mnd i 2018 og 7,5 mnd. i 2019.
- Ved utbygging av mellombels avdeling ved Kjørnes er det behov for å møblere denne.
- Auka plassar i barnehagane - På grunn av mange barn på venteliste med rett på barnehageplass, har alle barnehagar med arealkapasitet måtte ta inn fleire barn.

### 4.2.4 Grunnskule og SFO

Området omfattar drift av grunnskulane i kommunen, SFO, opplæring av barn i asylmottak, skuleskyss, Sogndal kommune sin del av vertskommunesamarbeidet innan PPT som gjeld skule, samt drift og vedlikehald av skulebygg med følgjande funksjonar i Kostra: 202 grunnskule, 215 skulefritidstilbod, 222 skulelokale og 223 skuleskyss.

**Analyse og utfordringar**

Det er ikkje forventa nokon folketalsvekst blant barn i grunnskulealder fram til 2020. Denne veksten ser ut til å kome meir fram mot 2025 og 2030. Dette vil ha konsekvensar for langsiktige behov innan skule, særleg for sentrumsskulane Trudvang og Kvåle. Det er også her det er minst spelerom innan eksisterande bygningsmasse.

Vi ser behov for å gå gjennom retningsliner for kommunal skuleskyss. Dette er allereie byrja på, og vil halde fram i 2018.

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskule-sektor pr. elev (inkl. lokale/skyss) | 105 427 | 109 672 | 115 185 | 114 511 |
| Netto driftsutg. til grunnskule, per innb. 6-15 år | 84 743 | 86 776 | 108 832 | 101 321 |
| Andel elevar i % som får spesialundervisning | 12,3 | 11,2 | 10,3 | 7,7 |
| Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt | 21,3 | 21,4 | 21,1 | 17,2 |
| Netto driftsutg. til SFO, per innb. 6 – 9 år | 2 670 | 1 640 | 989 | 2 522 |
| Gjennomsnittleg gruppestorleik 1-4 årstrinn | 12,7 | 11,9 | 11,8 | 13,4 |
| Gjennomsnittleg gruppestorleik 5-7 årstrinn | 11,3 | 12,1 | 12,2 | 13,8 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Gjennomsnittleg gruppestorleik 8-10 årstrinn | 14,9 | 17,0 | 16,6 | 14,9 |
| Grunnskulepoeng | 41,9 | 42,5 | 43,0 | 41,2* |

**Gjeld landet, tal for Kostra-gruppe 8 ligg ikkje føre*

Kostratala for 2016 viser at Sogndal framleis ligg litt over kostragruppa i korrigerte driftsutgifter pr. elev. Hadde Sogndal kommune hatt same forbruket som kostragruppa i netto driftsutgiftert pr. innbyggjar 6 – 15 år ville forbruket vore 7,3 mill. kr. lågare.

Variablane knytt til spesialundervisning syner at Sogndal held fram med å redusere del timar spesialundervisning, men vi ligg framleis godt over kostragruppa. Dette forklarer store delar av meirforbruket vi har i høve kostragruppa.

Netto driftsutgifter til SFO pr. innbyggjar 6-9 år gått ned dei siste åra. Dette skuldast mange brukarar og auka foreldreinnbetaling. Dersom vi hadde hatt eit netto forbruk som var tilsvarande til kostragruppa, skulle vårt forbruk vore totalt 0,6 mill. kr. høgare.

Gruppestorleik har ikkje endra seg markant frå 2015 til 2016, men det har vore ein reduksjon i gruppestorleik på alle variablane. Det har vore ei satsing på lærartettleik 1.-4. klasse som starta hausten 2016, som vi venteleg vil sjå noko større utslag på i 2017. Gruppestorleik 1.-4 varierer frå 12 elevar i gruppa i Norane og Fjærland (fleire årskull i same gruppe) til gjennomsnittleg 21,25 elevar på Trudvang skule.

I 2018 og fram til første halvdel av 2019 vil Sogndal, saman med dei andre kommunane i regionen ta del i Utdanningsdirektoratet si satsing på inkluderande barnehage- og skulemiljø. Regionen vil tilsetje ein ressursperson i 40% innan barnehage og tilsvarande innan skule. Dette arbeidet vert sett i samanheng med arbeidet med ny rammeplan og ny §9-A i opplæringslova for grunnskulane.

Sogndalsskulen scorar godt på dei fleste parameter, også grunnskulepoeng samanlikna med landssnittet, slik som det kjem fram i tabellen for kostratal. Det er likevel viktig å halde oppe eit kontinuerleg utviklingsarbeid i sektoren. Sogndalsskulen, til liks med resten av Sogn og Fjordane, har hatt jamt gode resultat på nasjonale prøvar. På nasjonale prøvar for lesing i 5.klasse, ser vi til dømes ein trend at resultata vert svakare, spesielt for gutar. Dette ser vi i fylket under eitt, men også i Sogndal. Det vil difor vere naturleg å ha fokus på denne problemstillinga i vårt utviklingsarbeid. For Sogndalsskulen vil 2018 knytte seg til nasjonalt arbeid med fagfornyinga i læreplanverket, satsing på djupnelæring og arbeidet med ein inkluderande skulemiljø. Vi vidarefører også satsinga på klasseleiing.

### *Kvalitetsvurderingar*

Elevundersøkinga og nasjonale prøvar vert gjennomført hausten 2017, og det føreligg ikkje resultat endå på desse resultatmåla. Gjennomføringstal for vidaregåande i løpet av fem år (ungdomsretten), syner data for siste kull (2012) at tala ligg over snittet for landet.

Vi pliktar å utarbeide ein eigen rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa. I Sogndal kommune vert grunnskulerapporten presentert som er eit vedlegg til årsmeldinga. Grunnskule og SFO har forbetringspotensiale på kvalitetssystem. I 2018 vil vi setje fokus på å styrke kvalitetsarbeidet mellom skuleeigar og skulane, og vil synleggjere resultata av dette arbeidet i grunnskulerapporten i april 2018.

| ***Politiske resultatmål 2018*** | |
|---|---|
| *Fokusområde* | *Resultatmål* |
| Brukarar | 1. Vi skal ha null-toleranse for mobbing i Sogndalsskulen og elevane sin trivsel skal vera over landssnittet<br>2. I Sogndalsskulen skal alle elevar på 8.trinnet vera over meistringsnivå 1 på nasjonale prøvar<br>3. Resultata ved nasjonale prøvar skal ligge over det gjennomsnittet kommunen har hatt dei to siste åra for 5., 8. og 9. trinnet.<br>4. Sogndalsskulen skal kvalifisera alle elevar til å gjennomføra det 13-årige skuleløpet |
| Utviklingsoppgåver | 1. Vi skal vidareføra arbeidet med heilskapleg læringsmiljø med vekt på lærarrollen gjennom arbeidet med IKT-plan, klasseleiing og inkluderande barnehage- og skulemiljø. |

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 106 654 538 | 110 286 606 | 110 114 356 | 109 942 106 | 109 942 106 |

| Nye tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst | 2 335 468 | 2 335 468 | 2 335 468 | 2 335 468 |
| Anleggsbidrag varmtvasslevering | -200 000 | -200 000 | -200 000 | -200 000 |
| Auka lærarinnsats 1-4 klasse | 739 335 | 739 335 | 739 335 | 739 335 |
| Tilskot frå utdanningsdirektoratet | -739 335 | -739 335 | -739 335 | -739 335 |
| Reduksjon klasse Fjærland skule | -376 745 | -376 745 | -376 745 | -376 745 |
| Auka spesialpedagogiske tiltak | 707 250 | 707 250 | 707 250 | 707 250 |
| Kjøp av spesped-tiltak frå andre kommunar | 240 000 | 240 000 | 240 000 | 240 000 |
| Stillingsauke10% stilling rådgjevar oppvekst | 79 489 | 79 489 | 79 489 | 79 489 |
| Reduserte utgifter fellesområde skule | -75 379 | -75 379 | -75 379 | -75 379 |
| Auka kostnader lisensar dataprogram | 80 000 | 80 000 | 80 000 | 80 000 |
| Sogndal sin del av felles Logopediteneste | 367 165 | 367 165 | 367 165 | 367 165 |
| Auke i Sogndal sin del av PPT-teneste | 130 320 | 130 320 | 130 320 | 130 320 |
| Frikjøp av logoped under utdanning | 344 500 | 172 250 | | |
| **Sum** | **3 632 068** | **3 459 818** | **3 287 568** | **3 287 568** |

Budsjettmerknader:

- I 2016 og 2017 vart det ytt eit årleg anleggsbidrag kr 200 000 til Sognekraft for tilrettelegging av fjordenergi til Trudvang skule. Går ut av budsjettet frå 2018.
- Kostnaden ved auka lærarinnsats 1-4 klasse er lagd inn med heilårsverknad frå 2018. Kostnaden er berekna til 1,832 mill. og vert dekka av øyremerka tilskot frå Utdanningsdirektoratet.
- Endring i elevtal gjer at Fjærland skule vert redusert med ein klasse frå hausten 2017 med heilårsverknad frå 2018.
- Nye spespedtiltak gir ein auke i budsjettet på kr 707 250
- Kostnad for refusjon for spesialpedagogiske tiltak for barn heimehøyrande i Sogndal men busett i andre kommunar er budsjettert til kr. 1.660.000. I 2017 har vert denne kostnaden på kr. 1.884.000. Dette grunna i vedtak basert på sakkunnig tilråding.

Budsjettposten har ikkje vore korrigert i 2017, men det er behov for å gjere korrigering av budsjettet i 2018.

- Stillinga som rådgjevar oppvekst er auka med 10%. Stillingauken er til dels finansiert med reduksjon i andre utgifter på fellesområde for skule.
- Det er ei rekke dataprogram der kostnaden vert delt på felles skule og dei einskilde skulane. Det skuleadministrative systemet er eitt av desse. Desse kostnadane går no utover det som er budsjettert til dette. Det er behov for ei justering på kr. 80 000 årleg for å harmonisere dette.
- Sogndal sin del av interkommunal logopediteneste knytt til skule utgjer kr 367 165. I sak 14/17 gjorde kommunestyret slikt vedtak: Sogndal kommune inngår eit interkommunalt samarbeid om logopeditenester med Leikanger, Luster og Vik med verknad frå 1.8.2017 innanfor ei økonomisk ramme på 1,5 årsverk.
- Det er lagt inn ein auke på kr 130 320 som gjeld Sogndal sin del av den interkommunale PPT-tenesta.
- I 2015 vart det inngått ein avtale med ein tilsett i Sogndal som skulle ta utdanning som logoped (mastergrad) på deltid i 50% studie, og der vedkommande skulle bli frikjøpt 50% frå si stilling i Sogndalsskulen. Denne kostnaden har aldri vorte budsjettert, og har bidrege til meirforbruk på ansvar 710 felles skule. Det er 1,5 år att av perioden, og kostnaden vert no budsjettert.

### 4.2.5 Kultur

Området omfattar kulturaktivitetar og drift og vedlikehald av kommunale idrettsanlegg og kulturbygg og har følgjande funksjonar i Kostra: 231 aktivitetstilbod barn og unge, 365 kulturminneforvalting, 370 bibliotek, 375 museum, 380 idrett og tilskot til idrettslag, 381 kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, 383 musikk- og kulturskular, 385 andre kulturaktivitetar og tilskot til kulturbygg og 386 kommunale kulturbygg.

***Analyse og utfordringar***

*Nøkkeltal Kostra*

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter aktivitetstilbud barn og unge i % | 13,3 | Ingen tal | 13,9 | 8,1 |
| Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod til barn og unge pr. innbyggjar | 157 | 206 | 197 | 151 |
| Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod barn og unge pr. innbyggjar 6-18 år | 973 | 1 038 | 1 225 | 873 |
| Netto driftsutgifter i prosent av totale netto driftsutgifter | 2,4 | 2,6 | 2,7 | 3,6 |
| Netto driftsutgifter for kultur pr. innbyggar i kroner | 1 180 | 1 317 | 1 414 | 1 871 |
| Netto driftsutgifter til folkebibliotek pr. innbyggjar | 482 | 395 | 439 | 247 |
| Netto driftsutgifter til musikk- og kulturskular pr. innbyggjar | 346 | 283 | 258 | 282 |

Kostratala for 2016 syner at vi ligg over kostragruppa i netto driftsutgifter til aktivitetstilbod barn og unge. Dette skuldast av vi har ei aktiv ungdomsavdeling som jobbar med ei rekke førebyggjande tiltak og å arrangere aktivitetar for barn og unge.

Netto driftsutgifter til kultur ser vi at er lågare enn kostragruppa, og det har det også vore over tid. Vi ser ein tendens til at våre utgifter til kultur har auka siste åra. Det området på kultur der vi ligg over kostragruppa er utgifter til folkebibliotek. Her ligg vi monaleg over kostragruppa. Noko av desse kostnadane kan forklarast med husleigekostnadar for biblioteket.

Netto driftsutgifter til musikk- og kulturskular har siste åra vore noko høgare enn kostragruppa, men er i 2016 mindre enn kostragruppa. Dette er grunna lågare utgifter til Sogn kulturskule, som har nytta fondsmidlar til å finansiere delar av drifta i 2016.

Lokaliseringa av ungdomsarbeidet på Sogndal vidaregåande skule gjev direkte link mot aldersgruppa 16-19 år. MOT-arbeidet er ein sentral del i avdelinga sitt førebyggande arbeid, vi har difor hjelpt Sogndal vidaregåande skule til å etablere seg som MOT-skule. Vi har søkt Helsedirektoratet og fått tildelt midlar til 80% stilling i eitt år knytt til skulehelsetenesta på vidaregåande, der vi har tilsett prosjektmedarbeidarar som skal jobbe med MOT-arbeidet.

I 2017 har vi prøvd ut aktivitetstilbod i feriar for elevar på mellomtrinnet 5.-7. klasse. Dette er den gruppa som ikkje har tilbod verken frå SFO eller tidlegare har hatt aktivitetar arrangert av ungdomsavdelinga i feriar. Erfaringa er at vi har større deltaking i denne aldersgruppa enn i aldersgruppa 13-19 år. Vi meiner at det kan vere tenleg å fokusere på to aldersgrupper med ferieaktivitetar 5.-7.klasse og 8.-10.klasse.

Sogndal bibliotek har inngått samarbeidsavtale med fylkesbiblioteket og dei kringliggande kommunane. Dette er eit godt grunnlag for vidareutvikling. Eit moderne folkebibliotek er ein formidlar av litteratur, men det er også ein viktig møteplass og kulturarena.

Barne- og ungdomsarbeid er ei viktig kommunal oppgåve, og idrett- og fysisk aktivitet er godt folkehelsearbeid. Barne- og ungdomsaktivitet skal ha rimeleg leige i kommunale hallar og primært gratis i gymsalar.

I 2018 går leigeavtalen for Sognahallen ut, og Sogndal kommune må reforhandle denne. Hallen er viktig for at Kvåle skule skal få areal til kroppsøvingsundervisning. I tillegg er det utgreidd utbygging av ny fleirbrukshall og basishall, jf. kap. 5. Ei slik utbygging vil gje Kvåle skule meir føreseieleg tilgang til hallareal med golv. Kommunen må i 2018 ta stilling til sak om ny leigeavtale i Sognahallen og finansiering, organisering og utbygging av ny fleirbrukshall.

***Kvalitetsvurderingar***

| ***Politiske resultatmål 2018*** | |
|---|---|
| *Fokusområde* | *Resultatmål* |
| Utviklingsoppgåver | 1. Vi skal legge til rette for auka samarbeid mellom frivillig sektor og Sogndal kulturhus og m.a. drøfte oppretting av eit kulturråd i kommunen. Vi skal ta stilling til utbygging av ein fleirbrukshall. |
| Brukarar | 1. Vi skal tilby ferieaktivitetar for aldersgruppene i 5.-7. klasse og 8.-10.klasse. |

**Budsjettramme**

| **2017** | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** |
|---|---|---|---|---|
| 13 164 189 | 13 307 022 | 13 231 689 | 13 231 689 | 13 231 689 |

| **Nye tiltak** | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst | 222 880 | 222 880 | 222 880 | 222 880 |
| Fiber Solhov | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 20 000 |
| Tilskot til bruk av idrettshallen | 125 000 | | | |
| Skisseprosjekt ny fleirbrukshall | -250 000 | -250 000 | -250 000 | -250 000 |
| Distriktsmusikarane | 53 333 | 128 000 | 128 000 | 128 000 |
| Overføring av budsjett til Kulturskulen | -53 380 | -53 380 | -53 380 | -53 380 |
| Redusert tilskot fjellsportfestivalen | -50 000 | | | |
| Auka budsjett kulturmidlar | 75 000 | | | |
| **Sum** | 142 833 | 67 500 | 67 500 | 67 500 |

Budsjettmerknader:

- Drift av fiber på Solhov har ikkje vorte budsjettert, og denne vert no lagd inn.
- I 2018 er det budsjettert med eit tilskot til idrettsorganisasjonar til dekking av hall-leige i idrettshallen.
- I 2017 var det lagd inn 250 000 til gjennomføring av skisseprosjekt for ny fleirbrukshall. Budsjettposten er teken ut frå 2018.
- Sogndal sin del av ny stilling som distriktsmusikar folkemusikk er budsjettert frå haust 2018 og med heilårsverknad frå 2019.
- Ansvaret og løyvinga til musikkverkstaden på Solhov vert overført frå ungdomsavdelinga til Sogn kulturskule. Ungdomsavdelinga vert difor redusert med 10% stilling, og kjøp av tenester frå andre kommunar vert auka tilsvarande.
- I 2018 vert tilskot til fjellsportfestivalen redusert frå 275 000 til 225 000
- Budsjett for kulturmidlar vert auka med kr 75 000 i 2018.

## 4.3 Helse, omsorg og velferd

### Analyse og utfordringar

Venta folketalsutvikling for kommunen for aldersgruppa 20 – 90+ er:

| År | 2017 | 2020 | 2025 | 2030 | 2040 |
|---|---|---|---|---|---|
| 20 – 44 | 2 870 | 3 133 | 3 371 | 3 469 | 3 385 |
| 45 – 66 | 1 965 | 2 143 | 2 263 | 2 459 | 3 008 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 67 – 79 | 786 | 853 | 945 | 978 | 1 212 |
| 80 – 89 | 261 | 265 | 325 | 449 | 537 |
| 90 + | 75 | 85 | 80 | 85 | 160 |
| Sum + 67 | 1 122 | 1 203 | 1 350 | 1 512 | 1 909 |

Utviklinga i tal eldre er stabil dei næraste åra. Gruppa yngre eldre aukar frå 721 til 853 fram mot 2020, medan talet eldre over 80 år held seg stabilt. Veksten i tal eldre kjem først frå 2025. Tek vi utgangspunkt i 2020 og ser på talet eldre over 80 år, vil talet auka med 15 % i 2025, i 2030 med 52 % og 2040 med 99 %. Altså vil vi ha ei dobling av tal eldre over 80 år frå 2020 til 2040. Samstundes veit vi at det relative talet personar med demens òg vil doble seg frå 2015 til 2040. Vi kan ut frå dette venta at oppgåvene til pleie- og omsorg vil auka kraftig i åra etter 2025.

Felles nøkkeltal Kostra pleie og omsorg

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til pleie og omsorg i prosent av samla driftsutgifter | 33,6 | 34,3 | 38,8 | 28,1 |
| Netto driftsutgifter pleie og omsorg pr. innbyggjar i kroner | 16 636 | 17 278 | 17 719 | 14 561 |
| Andel årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning | 69 | - | 64 | 75 |

Samla bruker kommunen om lag 25 mill. kr meir til pleie- og omsorg enn KOSTRA gruppe 8. Av dette er 13,1 mill. kroner knytt til meir omfattande tenester for innbyggjarar som er 80 år og eldre. Om lag halvparten kan knytast til demografi, dvs. at vi har eit høgare tal eldre enn kommunegruppa. 12 mill. er knytt pleie og omsorgstenester under 80 år, primært personar med nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne. Å avklare korleis vi skal forstå denne meirbruken er ei viktig oppgåve i 2018. Det er og viktig å vidarefører satsingar som kvardagsrehabilitering og nytte potensialet som ligg i velferdsteknolog i kombinert med tiltak på lågast mogeleg nivå i omsorgstrappa (BEON prinsippet). Vi skal òg etablere eit tildelingskontor, for å sikre tilstrekkeleg og lik utmåling av dei samla tenestene

**Kvalitetsvurderingar**

Politisk resultatmål for 2017 er i det vesentlege nådd. KAD tilbodet vert no òg gjeve til pasientar med rus og psykiatrirelaterte lidingar. Det er fokus på førebygging i tenestene med rask sakshandsaming og iversetting av tiltak.

## Politiske resultatmål for 2018

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Brukar | 1. Vi skal følgje opp samhandlingsreforma ved å byggje ut Sogndal helse- og omsorgssenter innan 2018.<br>2. Sakshandsamingstida skal ikkje overstige 14 dagar, og iverksettingstida skal ikkje overstige 12 dagar. |

### 4.3.1 Førebyggande helsearbeid, diagnose og behandling

Området omfattar miljøretta helsevern, Sogn frisklivssentral, legetenesta, legevakt, fysioterapi, ergoterapi og formidling av hjelpemiddel og gjeld følgjande funksjonar i Kostra: 233 anna førebyggjande helsearbeid og 241 diagnose, behandling, re-/habilitering.

### Analyse og utfordringar

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggjar | 12,3 | 10,2 | 10,3 | 8,6 |
| Årsverk av fysioterapeutar pr. 10 000 innb. | 7,9 | 7,3 | 7,2 | 6,9 |

Vi ligg over Kostragruppa i tal leger og fysioterapeutar. Frisklivssentralen i Sogn har stor aktivitet og samarbeider godt med høgskulen, frivillige og andre aktørar. Leikanger kommune trekker seg ut frå 2018, noko som fører til auka kostnader for Sogndal og Luster kommune.

Vi lukkast ikkje i 2017 med å få ein større interkommunal legevakt. Noverande legevakt for Sogndal/Leikanger er i alle år blitt drifta med ein lege på vakt, enkelt utstyrt med medikament og førstehjelpsutstyr og kommunikasjonsverktøyr med Nødnettsterminal og bruk av privat bil eller drosje.

Kvalitetsvurderingar

Det har ikkje vore statlege tilsyn på området. Kvardagsrehabilitering er etablert og implementert som metode for oppfølging av personar med begynnande funksjonssvikt. Det er etablert ei styringsgruppe for bruk av velferdsteknologi. Ein del tekniske løysingar er tatt i bruk både i dei heimebaserte- og dei institusjonsbaserte tenestene.

I arbeidet for å få etablert ei rehabiliteringsavdeling på SHOS er status ei korttidsgruppe og ei rehabiliteringsgruppe i byggetrinn 1, del 1. Korttidsgruppa har 9 plassar og rehabiliteringsgruppa har 10 plassar. Grunna kapasitetsvanskar har både korttids- og rehabiliteringsgruppa pasientar i langtidsopphald fram til byggesteg 2 er fullført.

### Politiske resultatmål for 2018

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Brukar | 1. Vi skal ferdigstille strategi og auke bruken av velferdsteknologi. |
| Organisasjon | 2. Vi skal gjennomføre akuttmedisinsk trening for alle legar i vakt i 2018. |

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 13 492 873 | 14 954 475 | 14 954 475 | 14 654 475 | 14 654 475 |

| Nye tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns- og prisvekst | 883 969 | 883 969 | 883 969 | 883 969 |
| Akuttmedisinsk øving | 98 000 | 98 000 | 98 000 | 98 000 |
| Auke i Sogndal sin del av frisklivssentralen | 221 700 | 221 700 | 221 700 | 221 700 |
| Auka utgifter til behandling i utlandet | 45 000 | 45 000 | 45 000 | 45 000 |
| Auka eigendel fysioterapi | -180 000 | -180 000 | -180 000 | -180 000 |
| Auka driftskostnader LMS | 314 633 | 314 633 | 314 633 | 314 633 |
| Ergoterapi –kjøp av tenester | 300 000 | 300 000 | | |
| | 1 461 602 | 1 461 602 | 1 161 602 | 1 161 602 |

**Kommentarar:**

- Akuttmedisinsk øving gjeld øving med lege og ambulansepersonell, ev. fleire for å simulere ein normalsituasjon.
- Frå 1 januar 2018 er kostnad med drift av Frisklivssentralen fordelt 45/55 mellom Luster kommune og Sogndal kommune som følgje av at Leikanger kommune har trukke seg ut.
- Auke i kostnader gjeld brukarar som får fysioterapibehandling i utlandet.
- Kommunen har i 2017 vedteke eigenbetaling for fysioterapibehandling som no vert lagd inn i budsjettet.
- Sogn lokalmedisinske senter - med utgangspunkt i drift 2016/2017 er det pårekna auka kostnader til drift av Sogn LMS på kr. 314 633.
- Det er lagd inn midlar til kjøp av 50 % stilling som ergoterapeut frå Balestrand kommune.

### 4.3.2 Aktivisering, støttetenester og rusarbeid

Området omfattar aktivisering og servicetenester overfor eldre og personer med nedsett funksjonsevne, tilbod til personar med rusproblem og arbeidsretta tiltak i kommunal regi og gjeld følgjande funksjonar i Kostra: 234 aktiviserings- og servicetenester til eldre og funksjonshemma, 243 tilbod til personar med rusproblem og 273 arbeidsretta tiltak i kommunal regi.

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til aktivisering pr. innbyggjar over 18 år | 1 021 | 1 154 | 1 218 | 1 056 |
| Netto driftsutgifter til tilbod til personer med rusproblem pr. innbyggjar 18-66 år | 293 | 380 | 222 | 298 |

I 2016 nytta kommunen meir enn gruppe 8 til aktivisering pr. innbyggjar over 18 år.

Driftsutgifter til personar med rus er noko mindre enn kostragruppa. Vi har fleire brukarar som er innvilga støtte-/treningskontakt enn gjennomsnittet i gruppe 8. Arbeidet er i alt vesentleg retta mot å redusere sosial isolasjon, aktiv trening og hjelp med ein del praktisk bistand. Desse tenestene er førebyggjande slik at brukarane ikkje tek steg opp i «omsorgstrappa». Hjå ein del tenestemottakarar er dette arbeidet også avlastande for familie og næraste nettverk.

I rus og psykiatriprosjektet vil det frå 2018 vera i gang såkalla individuell jobbstøtte (ISP) i samarbeid med NAV fylke og Indre Sogn Psykiatrisenter. Kommunen skal og tilsette såkalla erfaringskonsulent som prosjektstillinga over 3 år og på sikt arbeider vi for å etablere såkalla ambulerande FACT team i lag med andre kommunar.

Rustenesta har god utvikling i tiltak der fysisk aktivitet er reiskap for å etablere gode relasjonar mellom brukarar og tilsette med mål om at brukarar får betre si fysiske og psykiske helse.

Det er utfordringar når det gjeld husvære for denne brukargruppa, både ordinære kommunale bustader, samt bufellesskap / omsorgsbustader, sjå òg kap. 5.

### Kvalitetsvurderingar

Det har ikkje vore statlege tilsyn på området i 2017. Det blir gjennomført brukargransking innanfor rusfeltet hausten 2017. Resultatmåla vert nådd; dag tilbodet for heimebuande med demens er i gang finansiert av statstilskot. Vi kartlegg brukarar med tanke på transportbehov og aktivitetsinnhald for å utvida tilbodet.

### Politiske resultatmål for 2018

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Brukar | 1. Vi skal planlegge etablering av nytt aktivitetssenter på Nestangen.<br>2. Ingen skal være bustadlause.<br>3. Vi skal utvida dagtilbodet for heimebuande personar med demens med minst 10 plassar. |

### Budsjettramme

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 12 453 015 | 14 728 179 | 14 415 613 | 14 259 179 | 14 259 179 |

| Nye tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns- og prisvekst | 58 453 | 58 453 | 58 453 | 58 453 |
| Lønsutgifter ressurssenteret | 2 875 117 | 2 875 117 | 2 875 117 | 2 875 117 |
| FDV Nestangen | 373 220 | 373 220 | 373 220 | 373 220 |
| Endra budsjett ressurssenteret | 160 000 | -152 566 | -309 000 | -309 000 |
| Tilskot aktivitetstilbod heimebuande demente | -1 191 626 | -1 191 626 | -1 191 626 | -1 191 626 |
| | 2 275 164 | 1 962 598 | 1 806 164 | 1 806 164 |

Merknader:

- Lønsbudsjett for Sogndal ressurssenter vart ved ein feil ikkje lagd inn i budsjettet for 2017. Verknaden er redusert med overføring av heimlar frå andre tenesteområde.
- Utgifter til drift av Sogndal ressurssenter i nye lokale på Nestangen er lagd inn med eit årleg beløp på kr 373 220.
- I samband med flytting av ressurssenteret vil husleige til leige av anna lokale gå ut. Auka inntekter ved sal av varer er lagt inn. Budsjettert internsal frå ressurssenteret til NAV, flyktningtenesta og psykisk helsevern går ut.
- Dagaktivitetsplassar for heimebuande personar med demens vert auka til 31 tilskotsplassar frå 2018, noko som gjev auka statstilskot.

### 4.3.3 Pleie og omsorg – heimetenester

Området omfattar praktisk bistand og opplæring, brukarstyrt personleg assistent, avlasting utanfor institusjon, omsorgsløn, helsetenester i heimen, og gjeld følgjande funksjonar i Kostra: 254 helse- og omsorgstenester til heimebuande.

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Mottakarar av heimetenester pr. 1 000 innbyggjar 0-66 år. | 15 | 18 | 17 | 28 |
| Mottakarar av heimetenester pr. 1 000 innbyggjar 67-79år. | 94 | 88 | 81 | 81 |
| Mottakarar av heimetenester pr. 1 000 innbyggjar 80 år +. | 472 | 492 | 482 | 417 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar | 288 372 | 285 859 | 304 271 | 200 908 |

Vi har færre tenestemottakarar under 67 år enn snittet for kommunegruppe 8. Over 67 år ligg vi på gjennomsnittet, med unnatak av gruppe over 80 år der vi ligg monaleg over. Utgifter pr. mottakar ligg også monaleg over kostragruppa. Samla gjev dette eit høgare forbruk på om lag 6,7 mill. kroner.

Sogndal kommune har 16 plassar i skjerma tilbod til personar med demens under dei heimebaserte tenestene, kalla avdeling «Prestahagen». Brukarane av omsorgsbustadane har òg høg alder og stort pleiebehov som vert kompensert med hjelp frå tenestene. Pårørande- /nettverksressursen er mindre i desse bu-formene enn i eigen bustad. Samhandlingsreforma har ført til kortare liggetid og auka poliklinisk aktivitet i spesialisthelsetenestene. Tilsvaret er auka behandling og oppfølging i kommunane. Mange av desse behandlingane er ressurskrevjande.

Innanfor PUH tenesta går utviklinga i retning av fleire med funksjonsnettsetting og hjelpebehov som skal inn i eigen bustad. Planlegging av fleire bustader i tun er i gang.

Psykisk helsearbeid har utfordringar i å skaffe husvære for brukargruppa si, både kommunale bustader, samt bufellesskap / omsorgsbustader. Nokre av dei som er tilknytt rusteamet, står tidvis utan bustad.

### Kvalitetsvurderingar

Det er utført eigentilsyn og tilsyn frå Fylkesmannen(rapport føreligg ikkje pr. d.d.) i eitt tiltak. Så langt er registerte avvik er lukka. Det blir arbeida godt i oppfølging av praksiskandidatar og studentar. PUH tenesta har gjennomgått alle vedtak. Arbeidet med plan for personar med demens er i god rute, medan strategien for velferdsteknologi vil avsluttast i 2018.

### Politiske resultatmål for 2018

| | **Resultatmål** |
|---|---|
| Brukar | Vi skal delta med minst 10 personer i prosjektet individuell jobbstøtte Sogn (ISP). |

### Budsjettramme

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 92 812 185 | 95 253 435 | 97 737 135 | 97 603 435 | 97 603 435 |

| Nye tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns- og prisvekst | 866 809 | 866 809 | 866 809 | 866 809 |
| Reduserte utgifter pga flytta ressurssenter | | -266 300 | -400 000 | -400 000 |
| Kreftkoordinator 50% stilling | 311 350 | 311 350 | 311 350 | 311 350 |
| Endra vedtak brukarnivå- kjøp av tenester | 145 000 | 145 000 | 145 000 | 145 000 |
| Red. tilskot ressurskrevjande tenester | 531 000 | 531 000 | 531 000 | 531 000 |
| Bortfall vederlagstrekk | 110 163 | 110 163 | 110 163 | 110 163 |
| Tiltak overførd til Sogndal | 28 841 | 28 841 | 28 841 | 28 841 |
| Tiltak avslutta | 298 087 | 298 087 | 298 087 | 298 087 |
| Redusert tilskot ressurskrevjande tenester | | 2 600 000 | 2 600 000 | 2 600 000 |
| Ny psykologstilling | 150 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 |
| **Sum** | 2 441 250 | 4 924 950 | 4 791 250 | 4 791 250 |

### Merknader:

- Vi kjøper aktivitetstilbod til brukarar som vil få tilbod i det nye ressurssenteret frå 1.mai 2019. P.g.a. reduserte kostnader til transport er det reduksjon i lønskostnadar og kostnader til drivstoff.
- Tilskotet frå Kreftforeningen til finansiering av 50 % kreftkoordinator fell bort og vert finansiert over eige budsjett.
- Vedtak som regulerer kjøp av tenester hjå privat firma som utøver pleie og omsorgstenester gjev auke kostnad med kr 145 000.
- Det er endring i ressurskrevjande tenester med kr 531 000 som følgje av at brukar er flytta til anna kommune.
- Gjeld bortfall vederlagstrekk frå brukar for kjøp av tenester i institusjon, som brukar no dekker sjølv.

- Det er endring for brukarar der Sogndal og Førde kommune tek ansvar for kvarandre sine brukarar som er i opphaldskommunen.
- Eit tiltak er avslutta og teke ut av budsjettet**.**
- P.g.a. av alder til nokre av brukarane med nedsett funksjonsnivå vil vi frå 2019 få reduksjon i statstilskot til ressurskrevjande tenester. Reduksjonen er rekna til 2,6 mill.
- Det vert løyvd kr 587 900 i 2018 og kr 887 000 dei neste åra til ny psykologstilling. Det er budsjettert med tilskot frå helsedirektoratet på kr 400 000 og sal av psykologtenester til andre med kr 37 900 i 2018 og 187 000 dei neste åra.

### 4.3.4 Pleie og omsorg – institusjon

Området omfattar helse- og omsorgstenester i institusjon og akutthjelp  og gjeld følgjande funksjonar i Kostra: 253 helse- og omsorgstenester i institusjon, 256 akutthjelp - døgnopphald i kommunen og 261 institusjonslokale

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Plassar i inst. i % av mottakarar av pleie og omsorgstenester | 10,1 | 10,7 | 10,8 | 17,5* |
| Utgifter pr. opphaldsdøgn i institusjon | 3 277 | 2 848 | 3 131 | 3 656 |

*Gjeld landet

Sogndal kommune har eit mål om at alle skal bu lengst mogleg i eigen bustad. Tenesteproduksjonen i institusjon er retta mot å gje tilbod om behandling, rehabilitering og avlasting til personar som yter omfattande hjelp til hjelpetrengande. Vi har ein lågare dekning av institusjonsplassar i høve til talet eldre over 80 år enn snittet for kostragruppa. Effektiv drift og stor utnytting av kapasitet gjer at vi ligg kr 525 pr. opphaldsdøgn under kostragruppa. I 2016 produserte vi om lag 15.000 liggedøgn. Dette utgjer samla om lag 7,9 mill. under kostragruppa.

Omleggingar i spesialisthelsetenesta med kortare liggetid og auka poliklinisk aktivitet, utfordrar mottaket av ferdigbehandla pasientar til kommunehelsetenestene, både i institusjon- og heimebasserte tenestene. Tenesta har fokus på sirkulasjon i institusjonsplassane slik at desse vert nytta mest mogeleg til rehabilitering / etterbehandling etter utskriving. Låg dekningsgrad av institusjonsplassar gjer at pleietyngda i omsorgsbustadane er høg og stigande. Samstundes er det 12 færre omsorgsbustader etter innflytting i nybygget. Samstundes har vi til no 5 fleire plassar i institusjon etter bygget er teke i bruk og nye 18 plassar når utbygginga er ferdig utbygd i 2018. Vi kan då tilfredsstilla kravet om enkeltrom, i dag har vi 44 plassar og 47 brukarar.

Bruken av «akutthjelp – døgnopphald i kommunen», KAD, er aukande. Ny brukargruppe, rus og psykiatri, er tekne inn i ordninga og innskriving er utvida til også å gjelde brukarar frå Vik kommune. Bruken av KAD-plassar er så langt 52%.

### Kvalitetsvurderingar

Eit større statleg tilsyn om tvang i 2016 er lukka tidleg i år med nye klargjerande prosedyrar. Det er ikkje registrert avvik, men SKK er ulikt brukt i ulike avdelingar. Det er gjort risikovurdering om pasienttryggleik, medikamenthandtering, IK-mat og brannsikring for SHOS. Det er utført eigenkontrollar knytt til brannsikring, el-forsyning og heiskontrollar. ROS analyser i ulike tenester kan bli betre.

På 5 år har kommunen 5 liggedøgn i sjukhus som ein har må betale for, noko som er ei måloppnåing på 98,7%. Gjennomsnittleg liggetid pr. innlegging i 2016 var 46.6 døgn, godt under målet på 80 døgn. Det er vedteke lokal forskrift for tildeling av langtidsplass i sjukeheim. Vi har ikkje registrert personar på venteliste.

Bygginga og innflytting i SHOS samstundes som vi oppretteld drifta har vore- og er utfordrande. Vi tilpassar nybygget, og tek i bruk ny teknologi som krev opplæring og integrering. Koordinering mellom ulike byggfaga og ulike avdelingane som skal følgje opp er utfordrande. Pasientvarsling for sjukeheim fungerer framleis ikkje slik det skal.

## Politiske resultatmål for 2018

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Brukar | 1. Vi skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen for fakturerbare liggedøgn.<br>2. Gjennomsnittleg liggetid pr. innlegging i sjukeheim skal ikkje overstige 80 døger. |

### Budsjettramme

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 45 040 887 | 46 624 623 | 46 580 623 | 46 580 623 | 46 580 623 |

| Nye tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns- og prisvekst | 773 736 | 773 736 | 773 736 | 773 736 |
| Varmtvassleiding SHOS | -200 000 | -200 000 | -200 000 | -200 000 |
| Leigeinntekter SHOS | | -44 000 | -44 000 | -44 000 |
| Auka FDV-utgifter SHOS | 510 000 | 510 000 | 510 000 | 510 000 |
| Nattevakt SHOS | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 |
| **Sum** | 1 583 736 | 1 539 736 | 1 539 736 | 1 539 736 |

Budsjettmerknader:

- Det er inngått avtale med Sognekraft om anleggsbidrag for framføring av fjordenergi til helsesenteret. Dette er lagt inn i budsjettet for 2016 og 2017 med kr 200 000 kvart år. Bidraget går ut frå 2018.
- Frå 2018 er det lagt inn leigeinntekter for Sogndal helse- og omsorgssenter med netto kr 44 000. Samla inntekt vil bli vurdert på nytt når leigekontraktar vert inngått.
- I samband med utbygginga av Sogndal helse- og omsorgssenter er det auke utgifter til FDV, med ein heilårsverknad 1,8 mill. som gjev full utteljing i 2018.

- I samband med flytting av sjukeheimen til SHOS, utvida KAD-tilbodet og auka bruk av nattvakt i heimetenesta, er nattevakta i 2017 styrka med ein årsverknad på 1,5 mill. kr. Heilårsverknad slår inn i 2018.

### 4.3.5 Kvalifisering, integrering og arbeid

Området omfattar opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, opplæring i grunnleggjande dugleikar for vaksne i institusjon, NAV administrasjon, økonomisk sosialhjelp, gjeldsrettleiing, flyktningtenesta, sosialt førebyggjande arbeid (skjenkekontroll, førebyggande rusmiddelarbeid, krisesenter), introduksjonsordninga, kvalifiseringsprogrammet, bistand til etablering av eigen bustad og gjeld følgjande funksjonar i Kostra: 213 vaksenopplæring, 242 råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid, 275 introduksjonsordninga, 276 kvalifiseringsordninga, 281 yting til livsopphald og 283 bistand til etablering og oppretthalding av eigen bustad.

NAV, norskopplæringa og flyktningtenesta er samla i Kvalifisering, Integrering og Arbeid (KIA). Alle tenestene er lokalisert i kulturhuset.

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar | 1 654 | 1 371 | 1 252 | 1 998 |
| Netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. innbyggjar 20-66 år | 1 075 | 2 223 | 1 066 | 1 593 |
| Del sosialhjelpsmottakar i forhold til innbyggjar i alderen 20-66 år | 2,8 | 3,4 | 3,3 | 4,4* |
| Brutto driftsutgifter pr. sosialhjelpsmottakar | 113 705 | 86 530 | 75 398 | 97 338* |

*Kostra tal for landet utanfor Oslo, tal for gruppe 8 ligg ikkje føre.

Utgifter til økonomisk stønad ligg framleis under snittet for kommunegruppa. Dette gjeld både i forhold til totalt utbetalt stønad og i høve stønad fordelt etter alder.
Det er likevel for mange unge som mottek stønad, noko vi må jobbast særskilt med framover.

**Kvalitetsvurderingar**

Norskopplæring vert gitt seinast 3 månader etter søknad, det er eksamensresultat om lag på landsnittet. Vi manglar eit yrkesretta kurs for dei med minst skulegong. Det er vanskeleg å nå målet om at alle flyktningar skal vera i arbeidsrelatert aktivitet innan utgangen av introduksjonsprogrammet. 01.09.19 gjekk 19 ut, 7 personar har overgang til arbeid, 5 er arbeidssøkjerar på NAV, 6 personar er i ordinær skule og 1 er registrert som utflytta. Forvaltninga av bustader er i betring, men nokre bur lenger enn 3 år grunna dårlege rutinar om varsel når det nærmar seg utløp av kontrakt.

Når det gjeld målet om at ingen ungdomar i Sogndal under 25 år skal vere utan arbeid eller aktivitet i meir enn 3 månader, er ikkje målet nådd. NAV Sogndal har oppfølging med 55 personar som er under 25 år. Dei fleste av desse er i ulike arbeidsretta tiltak/avklaring mot arbeid og aktivitet. Vi vil i løpet av 2018 sette i gang eit eige utviklingsprosjekt retta mot oppfølging av ungdom.

## Politiske resultatmål for 2018

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Brukarar | 1. Alle flyktningar skal vere i arbeidsrelatert aktivitet innan utgangen av introduksjonsprogrammet. |
| | 2. Vi skal tilby norskopplæring til deltakarar med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnsfag seinast 3 månader etter at vi har motteke søknad eller krav om opplæring. |
| | 3. Eksamensresultata for elevane i norskopplæringa skal ligge minst på landssnittet. |
| | 4. Gjennomsnittleg butid i kommunale bustader for flyktningar skal ikkje overstige 3 år. |
| | 5. Vi skal sikre at alle under 25 år skal vera i arbeid, utdanning eller aktivitet. |

## Budsjettramme

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 7 284 030 | 7 605 250 | 7 540 250 | 7 180 250 | 7 180 250 |

| Nye tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns- og prisvekst | 142 104 | 142 104 | 142 104 | 142 104 |
| Internkjøp frå ressurssenteret til NAV går ut | -160 000 | -160 000 | -160 000 | -160 000 |
| Lønsrefusjon frå NAV 50% | -280 000 | -280 000 | -280 000 | -280 000 |
| Prosjekt Kvinner i kvalifisering | 360 000 | 360 000 | | |
| Naudbustad NAV | 96 000 | 96 000 | 96 000 | 96 000 |
| Driftsutgifter miljøvaktmeistar | 65 000 | | | |
| Sogndal sin del av felles logopediteneste | 98 116 | 98 116 | 98 116 | 98 116 |
| **Sum** | 321 220 | 256 220 | -103 780 | -103 780 |

Budsjettmerknader:

- Budsjettert internkjøp av tenester frå ressurssenteret til NAV kr 160 000 går ut.
- Kommunen og NAV fylke deler utgifter til nyoppretta stillinga. Kommunen står som arbeidsgjevar og betaler løn mot refusjon for 50% av lønsutgiftene frå NAV.
- Prosjektet Kvinner i kvalifisering har tidlegare vorte finansiert med tilskot frå IMDi. Frå 2018 får vi ikkje slikt tilskot, men tilbodet må vidareførast.
- Utgifter til naudbustad er ikkje budsjettert. Kommunen må ha slik til disposisjon.
- Driftsutgifter miljøvaktmeister, som ein får statstilskot til, er ikkje budsjettert. Utgiftene er lagt inn i 2018, då vi ikkje veit kor lenge prosjektet held fram.
- Sogndal sin del av felles logopediteneste er totalt kr 549 978. Kr 98 116 av dette gjeld norskopplæringa.

## 4.4 Tekniske tenester

**Folketalsutvikling for Sogndal kommune**

| År | 2016 | 2020 | 2025 | 2030 | 2035 | 2040 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Totalt | 7 839 | 8 424 | 8 993 | 9 564 | 10 083 | 10 551 |

Auka folketal vil gje trong for auka omfang av dei tekniske tenestene, enten dette er tenester knytt til sakshandsaming (plan- og byggesak, oppmåling m.v.) eller det er utbygging av dei tekniske anlegga (veg, vatn og avlaup, parkar og friområde m.v.).

### 4.4.1 Plan- og byggesakshandsaming

Området omfattar plan- og byggesakshandsaming, eigarseksjonering, bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak og har følgjande funksjonar i Kostra: 301 planhandsaming, 302 byggjesakshandsaming og eigarseksjonering og 315 bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak.

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til fysisk planlegging pr. innbyggar | 333 | 382 | 211 | 317 |
| Tal område- og detaljregulerings-planar vedtatt av kommunen siste år | 5 | 8 | 5 | 5 |
| Gjennomsnittleg sakshandsamingstid byggesaker med 12 vekers frist (tal dagar) | 8 | 25 | 23 | 38* |

*Tal gruppe 8 ligg ikkje føre

Vi ligg lågare enn Kostra gruppa når det gjeld utgifter til fysisk tilrettelegging og planlegging pr. innbyggjar, samla om lag kr. 830 000 under gruppa. Sakshandsamingstida for byggjesaker har gått noko ned sidan 2015 og er lågare enn landsgjennomsnittet. Fagkompetansen på området er høg.

Det er trong for å konkretisere kva som må gjerast for at reguleringsplan for Mundal sentrum (frå 1993) skal vera eit tenleg verktøy for bustad og næring i Mundal.

<u>Kvalitetsvurderingar</u>
Politiske resultatmål for 2017 er i det vesentleg nådd. Kommunestyret ha gjort vedtak om å utsetja revidering av kommuneplanen til etter 2020 og skipinga av nye Sogndal kommune. Det er ikkje gjennomført brukargranskingar i 2017 eller statlege tilsyn. Det er ikkje registret avvik i vår internkontroll.

**Politiske resultatmål plan og byggesakshandsaming**

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Brukar | 1. Vi skal bruke naudsynte verkemiddel som føringar på reguleringsplanar, tilgang på utbyggingsareal og utbyggingsplanar, for å få nok bustader og næringsareal i alle deler av kommunen.<br>2. Vi skal halde alle fristane etter plan- og bygningslova. |

| | |
|---|---|
| | 3. Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen.<br>4. Vi skal vedta områdereguleringsplan for Campus Sogndal (frå skysstasjonen til Kvåle) og lagd områdereguleringsplan for Hodlekve ut på høyring.<br>5. Vi skal revidere plan for idrett og friluftsliv. |

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 2 711 783 | 1 947 917 | 1 947 917 | 1 947 917 | 1 947 917 |

| Nye tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst | -763 866 | -763 866 | -763 866 | -763 866 |
| Ny stilling-avlaup og ureining | 600 000 | 600 000 | 600 000 | 600 000 |
| Auka gebyrinntekter | -600 000 | -600 000 | -600 000 | -600 000 |
| **Sum** | **-763 866** | **-763 866** | **-763 866** | **-763 866** |

Budsjettmerknader:

- I beløpet for løns- og prisvekst ligg og reduksjon med ei stilling som er overførd til anna teneste.
- Det vert oppretta ny 80% stilling med tilsynsansvar for spreidde avlaupsanlegg. Stillinga vert finansiert med auka gebyrinntekter.

### 4.4.2 Kart og oppmåling

Området omfattar etablering og drift av kommunen sitt kartgrunnlag, føring av matrikkel, oppmåling og adresseforvaltning og har følgjande funksjonar i Kostra:
303 kart og oppmåling.

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til kart og oppmåling pr. innbyggjar | 169 | 119 | 78 | 89 |

Vi nyttar om lag like mykje på kart og oppmåling som Kostra gruppa.

<u>Kvalitetsvurderingar</u>
Det politisk resultatmål for 2017 er nådd.  Internkontrollen har ikkje avdekka tilhøve som vil få konsekvensar for kvaliteten på tenesta. Det er ikkje gjennomførd statlege tilsyn med denne tenesta.

**Politiske resultatmål kart og oppmåling**

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Brukar | 1. Vi skal halde fristane i oppmålingslova. |

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 974 402 | 804 196 | 504 196 | 504 196 | 504 196 |

| Nye tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst | -170 206 | -170 206 | -170 206 | -170 206 |
| Ny kartlegging | | -300 000 | -300 000 | -300 000 |
| **Sum** | **-170 206** | **-470 206** | **-470 206** | **-470 206** |

Budsjettmerknader:

- Budsjettert beløp ny kartlegging går ut av budsjettet frå 2019.

### 4.4.3 Brann og redning

Området omfattar førebygging og beredskap mot brann og andre ulukker som brannvesen, feiing og oljevernberedskap. Sogndal kommune er medeigar og kjøper desse tenestene i det interkommunale selskapet Sogn brann og redning IKT. Området har følgjande funksjonar i Kostra: 338 førebygging av brannar og andre ulykker og 339 beredskap mot brannar og andre ulykker.

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter mot brann og andre ulukker pr. innbyggjar | 823 | 862 | 816 | 679 |

Vi nyttar meir på brannvern enn Kostra gruppa. Dette utgjer om lag 1,0 mill. kroner i året. Den høge kostnaden er knytt til krav om vekevakt og overbefalsvakt og høge kostnader ved gjennomføring av kompetansekrav for deltidsbrannvesen.

Det er Sogn brann og redning IKS som ivaretek pliktene kommunen har innan brann og redning.

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 8 171 571 | 8 242 677 | 8 242 677 | 8 242 677 | 8 242 677 |

| Nye tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Auka tilskot SBR | 422 106 | 472 106 | 472 106 | 472 106 |
| SBR- utdanning av brannmannskap | -401 000 | -401 000 | -401 000 | -401 000 |
| **Sum** | **-71 106** | **-71 106** | **-71 106** | **-71 106** |

Budsjettmerknader:

- Kjøp av tenester frå Sogn brann og redning til beredskap og førebygging av brann aukar med kr. 355 000.
- Øyremerka tilskot til utdanning av deltids brannpersonell som i sin heilheit vart utbetalt til Sogndal, går ut. Tilskotet er fordelt og lagd inn i rammetilskotet til den enkelte kommune i samarbeidet.

### 4.4.4 Næringsverksemd

Området omfattar inntekter og utgifter som er knytt til kommunal næringsverksemd, tilrettelegging og bistand for næringslivet, landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling og har følgjande funksjonar i Kostra: 320 kommunal næringsverksemd, 325 tilrettelegging og bistand for næringslivet og 329 landbruksforvalting og landbruksbasert næringsutvikling.

**Analyse og utfordringar**

Sogn Næring er eigd med 50% frå kommunen og 50% frå private verksemder. I 2017 vart dei økonomiske føresetnadene for selskapet endra ved at ein mindre del av driftstilskotet no kjem frå privat næringsliv og ein større del frå Sogndal kommune og Leikanger kommune. Organisering av næringsarbeidet og eigarskap til Sogn Næring må vurderast som del av kommunereforma.

Offentleg, statlege arbeidsplassar sysselset mange innbyggjarar i kommunen og i nabokommunar. Strukturendringar for desse verksemdene kan både gje grunnlag for fleire og færre arbeidsplassar i Sogn. Vi må halde fram samarbeidet med nabokommunar for å sikre eksisterande og leggje til rette for nye statlege arbeidsplassar.

Vi deltek og leiar eigargruppa for Campus Sogndal. Å sikre eit nært og godt samarbeid mellom partane på campusen blir særleg viktig etter oppretting av Høgskulen på Vestlandet. Eigargruppa må sikre gjennomføring av tiltaka i campus-planen, slik at Campus Sogndal framleis står fram som ein motor for utviklinga i regionene, i fylket og nasjonalt. Etablering av innovasjonssenteret vil bidra positivt til det.

Sogndal kommune skal i samarbeid med Kaupanger Næringsforeining laga ein strategi for næringsområde på Kaupanger med fokus på næringsutvikling og samarbeid med kompetansemiljø på Fosshaugane campus. Strategien vil m.a. ta omsyn til planane om bygging av eit vitensenter i området, og vil bli lagd til grunn for revidering av arealdelen av kommuneplanen.

Kommune er medeigar i Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane. Selskapet legg til rette for grunderverksemd og innovasjon. Kommunen er også medeigar i Visit Sognefjord som har som føremål å styrkje reiselivsnæringa i Sogn. Vi vil ta del i arbeidet med ein masterplan for reiselivet i Sogn.

Kvalitetsvurderingar
Politisk resultatmål for 2017 er nådd. Det er ikkje gjennomført brukargranskingar eller tilsyn i 2015, og internkontrollen har ikkje avdekka tilhøve som vil få konsekvensar for kvaliteten på tenestene.

**Politiske resultatmål næringsutvikling**

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Utviklingsprosjekt | 1. Vi skal satse på Hodlekve-området og legge til rette for auka overnattingskapasitet og vidareutvikling av idretten og friluftslivet sin bruk av området.<br>2. Vi skal i samarbeid med næringslivet vidareutvikle næringsarbeidet i kommunen:<br>– ved å vedta ein ny områdereguleringsplan for campus Sogndal slik at dette området framleis står fram som eit sterkt nasjonalt innovasjonsmiljø<br>– ved å bidra til utgreiing og etablering av eit vitensenter på Kaupanger<br>– og ved å lage ein strategi for utvikling av næringsområde på Kaupanger som del av arealdelen av kommuneplan og ny områdereguleringsplan.<br>– ved å byggje ut hangar på Sogndal lufthamn - Haukåsen. |

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| -465 521 | 883 693 | -216 307 | -216 307 | -216 307 |

| Nye tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst | 249 514 | 249 914 | 249 914 | 249 914 |
| Tilskot til hangar Sogndal lufthamn | 1 000 000 | | | |
| Tilskot Luster turlag | 100 000 | | | |
| **Sum** | **1 349 514** | **249 914** | **249 914** | **249 914** |

Budsjettmerknader:
- Det vert gitt eit tilskot til bygging av hangar på flyplassen.
- Det vert gitt eit tilskot til Luster turlag til bygging av ny hytte på Tungestølen

### 4.4.5 Samferdsle
Området omfattar hamnevesen, kaiar og bryggjer, tilskot til lokale transporttiltak, kommunale vegar og parkering og har følgjande funksjonar i kostra: 330 samferdslebedrifter/ transporttiltak og 332 kommunale vegar

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter i kr. pr. km kommunal veg og gate medrekna gang/sykkelveg | 93 615 | 98 257 | 102 876 | 115 144 |

Driftsutgifter for kommunale vegar er i 2016 er høgare enn for 2015 . Vi har lågare driftsutgifter enn Kostra gruppa pr. km kommunal veg. Dette utgjer om lag 1,2 mill. pr. år.

Kommunen eig om lag 100 kilometer med veg, gang- og sykkelveg. Tilstanden på vegnettet er svært variabel, og slitasjen på vegane veks grunna aukande bruk av bil og aukande tal på innbyggjarar. Mykje av vegnettet er ikkje dimensjonert for den belastinga det vert utsett for. Dette forverrar tilstanden på det kommunale vegnettet kvart år. KS sin landsomfattande kartlegging av tilstanden på det kommunale vegnettet synte at etterslepet på vegvedlikehaldet i kommunen var på 19 mill. kroner. Tilstanden på dei kommunale vegane gjer vedlikehaldet vanskeleg å planleggje. Vegane vert òg i større grad påverka av meir vær.

**Kvalitetsvurderingar**

Politiske resultatmål for 2017 er nådd. Det har ikkje vore gjennomført tilsyn på området, og eigenkontrollen har ikkje avdekka avvik som vil få konsekvensar for kvaliteten på tenestene.

**Politiske resultatmål samferdsle**

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Utviklingsprosjekt | 1. Vi skal arbeide vidare med å betre tilhøva for gåande og syklande, jf. sykkelplanen, og legge til rette for betre trafikkavvikling gjennom sentrum og vi skal arbeide for tunnel Hagalandet-Museet og gjennomgangstrafikken utanom sentrum. |

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 13 887 042 | 14 129 167 | 14 079 167 | 14 079 167 | 14 079 167 |

| Nye tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns- og prisvekst | 192 125 | 192 125 | 192 125 | 192 125 |
| Auka ressursar til gatelys | 50 000 | | | |
| **Sum** | **192 125** | **192 125** | **192 125** | **192 125** |

Budsjettkommentarar:

- Budsjettet for gatelys vert auka med 50 000

### 4.4.6 Naturforvalting, friluftsliv og rekreasjon

Området omfattar opparbeiding, drift og vedlikehald av offentlege plassar og torg, parkar/grøntanlegg og turvegar i bebygde strøk, offentlege toalett, sikring, opparbeiding og forvalting av frilufts og utmarksområder, fiske- og viltforvalting m.m.
Området har følgjande funksjonar i Kostra: 335 rekreasjon tettstad og 360 naturforvalting og friluftsliv.

**Analyse og utfordringar**

Kvalitetsvurderingar
Politiske resultatmål for 2017 er nådd. Internkontrollen har ikkje avdekka tilhøve som vil få konsekvensar for kvaliteten på tenesta.

Kommunen har nyskapande friluftsliv som ein hovudstrategi for tilflytting. Vi manglar friluftsparkering på viktige utfartsstader, og betre parkeringstilhøve vil leggje til rette for auka friluftslivsaktivitet.

**Politiske resultatmål parkar og friområde**

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Utviklingsprosjekt | 1. Vi skal gjere strandsona i Sogndal sentrum tilgjengeleg for allmenta ved å byggje ut fjordstien frå Hofslund til ny Loftesnesbru innan 2018 og planlegge ny bru over Sogndalselva. |

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 3 355 252 | 3 317 393 | 3 317 393 | 3 317 393 | 3 317 393 |

| Nye tiltak | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst | -38 375 | -38 375 | -38 375 | -38 375 |

### 4.4.7 Vatn, avløp og renovasjon

Området omfattar produksjon og distribusjon av vatn, avlaupsreinsing/avlaupsnett, tøming av slamavskiljar/septiktank og innsamling av hushaldsavfall og har følgjande funksjonar i Kostra: 340 produksjon av vatn, 345 distribusjon av vatn 350 avlaupsreinsing, 353 avlaupsnett/innsamling av avlaupsvatn, 354 tøming av slamavskiljarar, septiktankar o.l. og 355 innsamling, attvinning og sluttbehandling av hushaldsavfall.

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Driftsutgifter vatn pr. tilknytt innbyggjar | 1 289 | 1 372 | 1 556 | 969* |
| Driftsutgifter avløp pr. tilknytt innbyggar | - | - | 1 222 | 1 662* |

*Nasjonalt gjennomsnitt. Kostra tal gruppe 8 ligg ikkje føre.

Driftsutgifter innan vassforsyning er noko høgare i 2016 enn i 2015, og høgare enn landssnittet.

Kvalitetsvurderingar
Politiske resultatmål for 2017 er nådd. Det har hatt tilsyn frå Mattilsynet på vassforsyninga. Avvika frå tilsynet er lukka. Internkontrollen har ikkje avdekka tilhøve som vil få konsekvensar for kvaliteten på tenestene.

Vatn, avlaup og renovasjon har ei gjennomgåande god drift. Utfordringa på området er å skaffe tilstrekkeleg med kompetanse til å oppretthalde og vidareutvikle den infrastrukturen kommunen eig. I tillegg er det krevjande å renovere leidningsnettet, då dette krev mykje organisering og planlegging med omsyn til stenging av vegar, stenging av vatn og planlegging utan godt datagrunnlag. Vi skal i samband med revisjon av arealdelen av kommuneplanen vurdere betre reinsing av kloakken i kommunen.

**Politiske resultatmål vatn, avløp og renovasjon**

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Brukar | 1. Vi skal levere nok vatn av god kvalitet til ei kvar tid.<br>2. Vi skal knytte til abonnentar, med kommunal VA-leidning i nærleik til eigedomen, som ikkje er knytt til kommunalt anlegg. |

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| -4 236 252 | -4 932 945 | -4 932 945 | -4 932 945 | -4 932 945 |

| Nye tiltak | 2 017 | 2 018 | 2 019 | 2 020 |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst og endra VAR-budsjett | -696 693 | -696 693 | -696 693 | -696 693 |

Budsjettmerknader:
Beløpet ovanfor viser sumverknaden av løns- og prisvekst og andre endringar i budsjetta for vatn, avlaup og renovasjon.

### 4.4.8 Bustader og forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltning

Området omfattar utgifter og inntekter knytt til drift og vedlikehald av kommunalt disponerte bustader og forvaltingsutgifter alle typar bygg og har følgjande funksjonar i Kostra:121 forvaltingsutgifter i eigedomsforvaltinga og 265 kommunalt disponerte bustader.

**Analyse og utfordringar**

Nøkkeltal Kostra

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Gruppe 8 2015 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til kommunal eigedomsforvaltning pr. innbyggjar | 3 188 | 3 225 | 3 607 | 4 399 |
| Samla areal på formålsbygg i kvadratmeter pr. innbyggjar | 4,2 | 3,9 | 3,7 | 4,6 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunal eigedomsforvaltning pr. kvadratmeter | 763 | 832 | 964 | 1007 |
| Energikostnad for kommunal eigedomsforvaltning per kvadratmeter | 85 | 126 | 109 | 109 |

Kostra tala syner at vi har god økonomi innan eigedomsforvaltning. Vi nytta i 2016 om lag 5,7 mill. kroner mindre enn Kostra gruppa i netto driftsutgifter til kommunal eigedomsforvaltning pr. år. Det er trong for å kvalitetssikre tala innan eigedomsforvaltning. Vi har mindre omfang av bygg pr. innbyggjar enn gruppa og vi driftar bygga noko rimelegare enn gruppa. Energibruken ligg på same nivå som gruppa.

Kvalitetsvurdering
Tilsyn frå Arbeidstilsynet og miljøretta helsevern og internkontroll innan HMT kan gje pålegg eller avdekka behov for utbetringar av bygningsmassen. Rapportane etter internkontrollen (vernerunden) inneheld ønskje om ei rekke bygningstiltak som ligg utanfor den økonomiske ramma for bygningsutbetringar. Med utgangspunkt i tilstandsanalysen og resultat frå tilsyn og internkontroll vert bygningsvedlikehaldet gjennomførd innanfor den tilgjengeleg økonomisk ramma.

**Budsjettramme**

| 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| -4 420 851 | -3 950 367 | -3 938 367 | -3 915 367 | -3 915 367 |

| Nye tiltak | 2 018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Løns og prisvekst | 293 884 | 293 884 | 293 884 | 293 884 |
| Mellombelse bustader | -280 000 | -280 000 | -280 000 | -280 000 |
| FDV Fjøravegen 17 | 161 800 | 161 800 | 161 800 | 161 800 |
| FDV Trolladalen 21 | 126 800 | 126 800 | 126 800 | 126 800 |
| FDV Leighgota 4 | 118 000 | 118 000 | 118 000 | 118 000 |
| FDV Nye bustader på Kjørnes | 50 000 | 52 000 | 85 000 | 85 000 |
| **Sum** | **470 484** | **482 484** | **505 484** | **505 484** |

Budsjettmerknader:

- Utgifter til mellombelse bustader i samband med utbygging av Sogndal helse- og omsorgssenter vert teken ut av budsjettet frå våren 2017.
- Utgifter til forvalting, drift og vedlikehald for nye bustader i Fjøravegen, Trolladalen og Leighgota.
- Ny utleigebustad på Kjørnes IV - felt B5 vert teken i bruk i august 2018 og utvida med ei eining når bruken som barnehagen vert avslutta august 2019.

# 5 Investeringar

Nedanfor følgjer omtale av dei enkelte prosjekt i investeringsprogrammet. Alle tala er utan mva.

**Bygningar**

Utbygging av Sogndal helse- omsorgssenter

Kommunen har vedteke utbygging av Sogndal helse- og omsorgssenter. Mål med utbygging er:

- å auke arealet for helse- og omsorgstenestene i kommunen i samsvar med auke i tal innbyggjarar, og forventa auke i tal eldre
- byggje ny institusjonsdel sidan eksisterande institusjon treng bygningsmessig oppgradering
- samlokalisere helse- og omsorgstenestene i kommunen for å vidareutvikle eit sterkt fagmiljø
- leggje til rette for å løyse nye helse- og omsorgsoppgåver til kommunen som følgje av samhandlingsreforma.

Samhandlingsreforma, jf. Stortingsmelding nr. 47 (2008-2009) legg opp til at nye kompetansekrevjande funksjonar skal leggjast til kommunen. Døme på dette er kommunale akuttplassar med døgntilbod (KAD-plassar), rehabilitering, lærings- og meistringssenter og lindrande behandling. Sogndal helse- og omsorgssenter vil møte dei nye oppgåvene som kommunen vil få i samband med samhandlingsreforma.

Utbygginga har ei samla kostnadsramme frå planlegging til ferdigstilling på 304 mill. kroner, inkl. midlar til inventar og uføresett. Denne ramma ligg framleis til grunn for utbygginga.

Utbygginga vert delfinansierast med tilskot frå Husbanken. Husbanken gjev vel 1,6 mill. kroner i støtte pr. institusjonsrom, avgrensa til maksimalt 55% av kostnadene. Husbanken dekker også inntil 55% av kostnadene ved utbygging av aktivitetssenter for heimebuande. Husbanken har gjeve tilsegn om støtte til 44 sjukeheimplassar i første byggjesteg, 71,9 mill. kroner. Dette tilskotet vart utbetalt i 2017. Vi har fått tilsegn om støtte til aktivitetssenter på 8,7 mill. kroner.  Dette tilskotet vil bli utbetalt når utbygginga er ferdig. Vi har søkt om støtte til dei 13 institusjonsplassane som vert bygd i byggetrinn II. Samla støtta frå Husbanken er budsjettert til 101,9 mill. kroner.

Med desse føresetnadene er lånebehovet i denne økonomiplanperioden 43,6 mill. kroner.

Framdriftsplanen i denne økonomiplanperioden er:

| **Aktivitet** | **Start** | **Ferdig** |
|---|---:|---:|
| Utbygging austfløy | juni 2017 | des. 2018 |
| Ferdig uteområde | | våren 2019 |
| Prøvedrift | | våren 2019 |

Tidspunkta vil kunne endre seg.

Omsorgsbustader innan rus/psykiatri

Første del av samhandlingsreforma innan rus/psykiatri vert gjennomførd frå 2017. Reforma vil innebere kommunal betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar, men først frå 2018. Kommunen få auka behandlings- og omsorgsansvar innanfor dette tenesteområdet. Kommunen har behov for omsorgsbustader for å møte denne utfordringa. I ny områdeplan for Stedje er det sett av fleire kommunale område for utbygging av bustader for fleire brukargrupper. Område mellom Stedjevegen 27c og Dyreklinikken er eigna til utbygging av 10 omsorgsbustader. Det vert lagd opp til planlegging og oppstart av utbygginga i 2018 med fullføring i 2019. Utbygginga vert finansierast med 14,1 mill. kr. i støtte frå Husbanken og resten ved låneopptak.

Fosshagen utdanningsbarnehage
Kommunestyret har gjort vedtak om at ny sentrumsbarnehagen skal lokaliserast til Fosshagen. Vi har i 2017 regulert område for barnehage og starta arbeidet for å få tilgang til grunn. Reguleringsplanen legg til rette for utbygging av ein barnehage for 100 born. På bakgrunn av SSB sine prognosar for folketalsutvikling vil det vere trong for 1 til 2 avdelingar kvart år i planperioden. I 2018 vil barnehagen bli ferdig planlagd og utbygginga vil bli lagd ut i marknaden med sikte på byggjestart sommaren 2018 og med ferdigstilling innan august 2019. Det er sett av 52,8 mill. til utbygging av barnehagen, finansiert med bruk av fond og 43,9 mill. i låneopptak.

UU-tilpassing Kvåle skule
Det er trong for betre universell utforming (UU-tilpassing) på Kvåle skule frå skuleåret 2018/2019. Vi må byggje svalgang mellom skulebygga, fjerne dørtersklar, endre inngangsparti m.v. Hovudtyngda av arbeidet er gjennomført i 2017, og dei siste tilpassingane, til ein kostnad på kr. 750 000, vil bli gjennomført våren 2018.

F 17
Kommunen leiger Fjørevegen 17 av Sentrumsbygg AS til bustad for einslige mindreårige flykningar (2. og 3. etasje). Det er i leigeavtalen avtalt at leigar tek all vedlikehald og oppgradering av bygget. I første etasje skal vi leggje til rette for Frivilligsentralen og andre kommunale føremål.  Det er vidare trong for å gjennomføre nokre branntiltak i bygget. Det vert sett av 1,4 mill. kroner for dette i 2018, finansiert ved overføring frå drift.

Aktivitetssenter:
Det vert sett av midlar i budsjettet til kjøp av egna lokalar for Sogndal ressurssenter. Vidare skal det opp som eiga sak på nyåret om kva lokalisering senteret får. Nestangen vil til liks med andre alternativ ,verta vurdert. Det vert føresett god brukarmedverknad i den vidare prosessen

Kulturhuset - Storsalen
Stolane i storsalen i Kulturhuset er gamle og slitne og krev omfattande reperasjonar.  Golvet under stolane er også i dårleg stand og bør bytast ut samstundes. Tiltaket er grovt kostnadsrekna til om lag 2,0 mill. kroner. Gjennomføring av tiltaket vil bli nærare vurdert i 2018, med sikte på gjennomføring i 2019.

Kommunale bustader
Kommunen har behov for fleire utleigebustader til ulike brukargruppe, m.a. til busetting av flyktningar. Med mottak av flyktningar på nivå med det som kommunestyret har gjort vedtak

om, og med same fordeling mellom kommunal bustad (med gjennomsnittleg butid på 3 år) og leige i bustadmarknaden som no, vil kommunen har bruk for 6-8 fleire bueiningar/soverom til flyktningtenesta årleg i planperioden. Vilkåret er at vi lukkast med målsettinga om sirkulasjon i kommunale bustader. Kommunen vil kjøpe fleire bustader til flyktningtenesta finansiert med støtte frå Husbanken, flyktningfondet og ev. lån finansiert ved leigeinntekter, m.a. fordi personar eller familiar kan gå «frå leige til eige». Kjøpa vil bli gjennomført med fullmakt gjeve frå kommunestyret. I 2018 vil vi bygge bustader ved Kjørnes barnehage, der det største husværet mellombels kan nyttast som areal for barnehagedrift. Utbygginga vil bli gjennomførd med overført løyving i 2018, støtte frå Husbanken og overføring frå flyktningefondet.

### Veg, parkering, vatn og avlaup

Trafikktryggingstiltak 2018

Kommunestyret vedtok revidert trafikktryggingsplan i desember 2016. Handlingsplanen viser ei investeringsramme i planperioden på kr. 3,9 mill., der 60% er føreset finansiert med tilskot frå Fylkestryggingsutvalet og 40% over kommunalt budsjett. Det er ein føresetnad for gjennomføring av kvart tiltak at det vert gjeve tilskot frå fylket og til gang/sykkelveg til idrettsanlegget frå privat utbyggjar. Maksimal tilskotssats er auka frå 66 % til 75 % av kostnadene. Kommunen vil søkje om dekking av 75% av kostnadene for tiltaka.

Prioriterte tiltak i 2018 er:

| | |
|---|---|
| Fortau Leitevegen/Markavegen til Rutlinslid | 1 170 000 |

Kjøp av feiemaskin

Vi har to feiemaskiner. Den største, som vert nytta til feiing av vegar og store parkeringsplassar, er gamal og slitt. Maskina har førarhus som ikkje er etter dagens standard, og det kjem dyre og uventa reparasjonar. Det er usikkert kor lenge maskina vil fungere. Kostnaden ved kjøp av ny maskin er 1,5 mill. kroner. Investeringa er lagd inn i 2018, finansiert ved bruk av parkeringsfondet.

Veg Kjørnes IV

VA-anlegget for Kjørnes IV er ferdig bygd ut. Det vert lagd til grunn at veganlegget, med fortau og gatelys, skal gjerast ferdig etter at størstedelen av bustadbygginga er gjennomførd. Slik sikrar vi at veganlegget ikkje vert skada i samband med utbygginga av bustadene. Ferdigstilling vil skje truleg i 2019. Det vert sett av 3 mill. kroner til formålet finansiert med inntekter frå tomtesal.

Veg Bråtane bustadfelt

Kommunestyret har vedteke reguleringsplan for Bråtane bustadfelt på Kaupanger. Det er inngått utbyggingsavtale med utbyggjar, der kommunen tek på seg ansvaret for utbygginga av VVA-anlegg. Kostnadene ved veganlegget vert fullt ut refundert frå utbyggjar. VA-utbygginga vart gjennomførd i 2016. Asfaltering vert fullførd når utbygginga er ferdig, førebels sett til 2019.

Veg på industriområdet på Kaupanger

I samband med utbygging av anlegget til Lerum på industrifeltet og utviding av næringsområdet bak anlegget til Lerum har kommunen i 2017 lagd opp VA-anlegg til nytt næringsområde. I 2018 er det trong for å ferdigstille veg til området. Dette er kostnadsrekna til 1 mill. kroner der kr. 400 000,- vert finansiert med anleggsbidrag frå Lerum AS og kr. 600 000,- vert finansert ved overføring frå drifta. Den kommunale kostnaden ved vegutbygginga vert lagd inn i grunnlaget for prisen på attverande kommunalt næringsareal for sal på industrifeltet.

Asfaltering av veg til klubbhuset til KIL
Vi vil i eit samarbeid med Kaupanger idrettslag asfaltere vegen til Kaupanger idrettspark. Det er sett av kr. 200 000,- til tiltaket i 2018.

Friluftsparkering klatrefeltet i Kvam
Kommunen har nyskapande friluftsliv som ein hovudstretegi i kommuneplanen. Over tid har det blitt bygd ut parkeringsplassar for å legge til rette for friluftsliv, både det tradisjonelle- og det nyskapande friluftslivet, m.a. i Gunnvordalen, ved Frudalen og ved Tylderingen. I 2018 vert det bygd ut friluftsparkering ved klatrefeltet i Kvam i eit samarbeid med brukarane av området. Delar av utbygginga vert gjennomførd ved dugnad. Den kommunale delen er sett til 200 000,- kroner finansiert over kraftfond II.

Ny bru over Sogndalselva
Som del av målet om å gjere heile strandsona i Sogndal sentrum tilgjengeleg for allmenta, er det lagd til grunn at fjordstien på sørsida av Sogndalselva skal knytast saman med fjordstien frå elveparken til Nestangen. Dette krev ny gangbru over Sogndalselva. Det er også behov for sikrare plassering av avlaupsleidning frå elveparken til pumpehuset, jf. brotet på leidningen under flaumen i oktober 2014. Noko som vil bli vurdert som del av ei bruløysing. I områdereguleringsplanen for Fjøra Vest er det sett av eit område for bru. Plassering av brua må avklarast nærare i handsaming av detaljplanen for Lerum Brygge. Kostnadene ved utbygging av brua må vurderast når planarbeidet er avslutta og brua er prosjektert. Det vert i 2018 sett av 300 000,- til prosjektering av ny bru, finansiert over parkeringsfondet. Det vert lagd til grunn at ny bru blir delfinansiering gjennom anleggsbidrag frå utbyggingsprosjekt og næringsliv på begge sider av Sogndalselva, tilskotsmidlar og overskot frå parkeringsordninga.

Vassforsyning og avlaup
Det er det trong for jamleg fornying av VA-anlegga. Midlane vil m.a. bli nytta til nytt VA-anlegg i Leitevegen, Navarsetevegen, på industrifeltet på Kaupanger og til utbygging av anlegg i samband med nye utbyggingsområde. Det er også sett av midlar til utviding av vassforsyningsanlegget på Vangestad. Det vert i 2018 sett av 14 mill. kroner samla til utbygging og utbetring av VA-anlegg, finansert ved låneopptak.

## Friluftsanlegg og gravlundar

Ny gravlund på Kaupanger
Det er trong for å bygge ny gravlund på Kaupanger i tilknyting til stavkyrkja. Riksantikvaren har slutta seg til ei skisse for slik utbygging. Kommunen har kjøpt naudsynt grunn. Fellesrådet har i fleire år arbeidd med ein gravlundsplan, den er no godkjent av

fylkeskommunen og Riksantikvaren. Vi vil gjere ei stegvis utbygging, og første byggjesteg vil bli ferdigstilt i 2018 med overførde midlar frå 2017. Løyvinga er ikkje tilstrekkeleg til å byggje gravlundsbygg i første byggjesteg. Gravlundsbygget skal prioriterast før vidare utbygging av gravlunden. Kommunen set av 750 000,- av VA-midlar til nytt offentleg toalett ved sørvisbygg ved Kaupanger gravlund. Kommunestyret ber administrasjonen følgje opp dette i høve Fellesrådet, og ev. kome tilbake med kostnadsoverslag og finansiering for ei samla utbygging av sørvisbygget.

### IKT og breiband

I tillegg til årleg oppgradering av maskinar, infrastruktur og programvare vil vi i 2018 fortsette oppgraderinga av arbeidsplassar med mål om å bruke mindre papir og redusere bruk av skrivarar/kopimaskinar, m.a. ved at fleire arbeidsplassar får to skjermar. Vidare vil vi fortsette arbeidet med å sikre høgste arkivstandard (Noark 5 standard) på dei fagsystema som har mogeligheit for det. Vi skal og etablere eit system for overvaking av vårt nettverk inkl. alt IT utstyr. Dette vil gi meir oversikt, mindre driftsoppgåver og bidra til å kunne vera i forkant av eventuelle problem. Vi skal elles utvikle IKT med eit betre brukarstøttesystem for å gjera kvardagen lettare for brukaren, og utvide Single sign-on tilgang med bruk av *eit* passord for tilgang til fleire fagsystem. Ny intranettløysing skal utviklast til å bli ein tilgjengeleg og informativ møteplass for alle tilsette. Vi vil oppgradere IKT-systema gjennom bruk av Office 365 og Skype for buisness. I 2017 og 2018 gjennomfører vi ei oppgradering av IKT innan skule. Det vert sett av 1 mill. til dette føremålet i 2018.

Kommunen er kome godt i gang med digitaliseringstiltak, med mål om å sikre ein heildigitalisert kommune innan 2020. Vi vil delta i KS sitt digitaliseringsprosjekt.

### Kjøp av grunn

Det vert lagd opp til at kommunen over tid skal eige grunn knytt til den kommunale bygningsmassen, kommunale vegar, friområde og anna areal som kommunen varig nyttar seg av. I 2018 vil det vere trong for innløysing av areal til gangveg på Leite, areal i tilknyting til infrastruktur i Hodlekve og innløysing av festeareal. Vi har i dei seinare åra løyst inn mesteparten av festeareala.

### Eigenkapitalinnskot og aksjekjøp

Det er budsjettert med eit eigenkapitalinnskot i KLP på kr. 1,4 mill., finansiert ved overføring frå drift. Storleiken på innskotet vil først verte kjent i 2018, og budsjettendringar må venteleg gjerast i samband med tertialrapportane.

### Utlån – formidlingslån

Det vert budsjettert med 12 mill. i utlån startlån i 2018, og 15 mill. i resten av perioden. Vi er i ein prosess der vi vil få fleire til å gå frå leige til eige, noko som krev auka tilgang på slike lån. Startlån vert finansiert ved låneopptak.

### Investeringar som krev nærare vurderingar

Bustadtilbod for menneske med utviklingshemming

Dagens bustruktur i Stedjevegen er ikkje godt nok eigna for tenesteyting til personer med redusert funksjonsevne og omfattande bistandsbehov. Slik bustadane er organisert hindrar dette ei effektiv drift. For å få bøte på dette kan det vere naudsynt å byggje nye fellesskapsbustader for deler av målgruppa. Samstundes kan eksisterande bueiningar nyttast for dei som er meir sjølvhjelpne og som gjer seg nytte av ambulante tenester. Slike vurderingar vil m.a. inngå i analysen omtalt ovanfor for kommunale eigedommar i Stedje.

Utviding Stedje gravlund

Det er trong for å utvide Stedje gravlund for å utvide kapasiteten. Utvidinga vil bli planlagd ferdig og kostnadsrekna i 2018 og gjennomførd i 2019.

Ny fleirbrukshall

Sognahallen AS har på oppdrag frå kommunen greidd ut utbygging av ny fleirbrukshall. Styringsgruppe for utgreiinga har vore eigargruppa for Campus Sogndal, utvida med deltakar frå Sogndal idrettslag. Det har også vore ei brei samansett referansegruppe som har gjeve innspel til utgreiinga. Rapporten vart lagd ut på høyring parallelt med økonomiplanen.

Utgreiinga tilrår utbygging av ein fleirbrukshall, basishall, skytebane og klubblokale på om lag 2560 $m^2$ i tilknyting til Sognahallen. Utgreiinga viser ein investeringskostnad på 77 mill. kroner, der 15,5 mill. kroner vert søkt finansiert med spelemidlar. Det er i tillegg lagd til grunn tilskot på til saman 20 mill. til utbygginga. Utkast til driftsbudsjett viser at det er trong for leigeinntekter på dagtid på 2,1 mill. kroner og leigeinntekter frå lag og organisasjonar på kveld/helg på vel 1,5 mill. kroner. I 2017 nytta kommunen knapt 1 mill. kroner til leige av Sognahallen.

Kommunen må i 2018 ta stilling til om det skal løyvast lån til mellomfinansiering av spelemiddeltilskotet, tilskot til utbygging av fleirbrukshall og ev. storleiken på leige av hallen på dagtid.

Nye veg til Kjørnesplatået.

Grunneigarane på Kjønesplatået har gjennom ein avtale med kommunen finansiert arbeidet med ny regulering av veg til Kjørnesplatået. Ny reguleringsplan vil gje heimel til å oreigne naudsynt areal for utbygging av ny veg. Kostandene ved vegbygginga vil bli nærare vurdert når reguleringsplanen er vedteken. Vegen kan bli ein privat veg, eller ein kommunal veg finansiert gjennom anleggsbidrag og refusjon frå grunneigarane på Kjørnesplatået.

Dalavegen 2, framtidig bruk

Ved årsskiftet 2018/2019 flytter legesenteret, helsestasjon/jordmor og kommunal fysioterapiteneste ut frå Dalavegen 2. Helse Førde planlegg ny ambulansestasjon ved ISP på Rutlin, og har varsla at dei vil seie opp leigeavtalen dei har med kommunen i Dalavegen 2. Dette inneber at store delar av arealet i Dalavegen 2 vert frigjort og kan nyttast til andre føremål. Kommunen leiger i dag areal til kommunal verksemd hjå andre, m.a. for Sogn PPT, og vi har behov for auka kontorareal innanfor fleire tenester. Det er fleire private verksemder som har ønskje om å leige ledig areal i Dalavegen 2. Vi vil i 2018 greie ut framtidig bruk av Dalavegen 2. Kostander til ev. ombyggingar vil bli presentert i økonomiplan 2019-2022.

Byggje ferdig Åbergevegen

Reguleringsplanen inneber at Åbergevegen kan utvidast og at det kan byggjast fortau heilt fram til krysset ved Rutlinslid. Kommunen har avtalar med grunneigarar om tilgang til grunn på denne strekninga. Dersom vegen vert utbetra, bør også VA-anlegget takast samtidig. Ferdigstilling av Åbergevegen har ei samla kostnad på 8,5 mill. kroner, fordelt med 4,25 mill. på veg og 4,25 mill. på VA. VA-delen kan finansierast over sjølvkost.

VA-anlegg på framtidige bustadfelt

Det er fleire regulerte område for utviding av bustadfelt i kommunen, m.a. på Nornes og i Amla. Ved utviding av eksisterande bustadfelt vert det lagd til grunn at kommunen gjennom avtale, kan ta på seg å byggje ut og koste VA-anlegget. Kommunen kan også byggje ut kommunale vegar i slike tilfelle, mot refusjon frå utbyggjar. Ein føresetnad er at kommunen får tilgang på grunn gjennom avtale eller oreigning. Utbygging av slike anlegg kan finansierast av midlar sett av til hovudplan for VA, ev. ved eiga sak eller i samband med tertialrapport.

# 6 Organisering av den kommunale verksemda

Dette kapittelet gjev ein omtale over eigen organisasjon og over interkommunalt arbeid. Det viser felles resultatmål som ikkje føl tenestene i kostra. Kapittelet viser alle fellesfunksjonar som er naudsynte for å yte tenestene til innbyggjarane, slik som økonomisk styring, personalhandtering, IKT-tenester, arkiv og tenestetorg, utvikling av internkontroll, beredskap m.v. Vi gjev også ein omtale av tverrgåande prosjekt.

## 6.1 Eigen organisasjon

**Politiske resultatmål felles for heile organisasjonen**

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Økonomi | 1. Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet |

### 6.1.1 Personalforvaltning

**Analyse og utfordringar**
Dei tilsette er kommunen sin viktigaste ressurs og god helse og eit godt arbeidsmiljø er avgjerande for folk sin trivsel og effektivitet på jobb. Helse, miljø og tryggleik er difor viktige faktorar i kommunen si personalforvaltning. Kommunen er IA verksemd, det er inngått avtale med bedriftshelsetenesta Stamina, og vi har ei lang rekke interne HMT-tiltak. Viktige nøkkeltal for HMT arbeidet er sjukefråvær og tal medarbeidarsamtalar, og det vert utarbeidd politiske resultatmål for desse områda.

Nøkkeltal for helse, miljø og tryggleik

| | Sogndal 2014 | Sogndal 2015 | Sogndal 2016 | Landet 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Sjukefråværet i % | 6,3 | 5,3 | 6,2 | 9,9 |
| Gjennomført medarbeidarsamtale | 85 % | 78 % | 60 % | - |

Gjennomsnittleg sjukefråvær i Sogndal kommune var 6,2 % i 2016 noko som er godt under landsnittet. Dette viser likevel ein auke i sjukefråværet i kommunen på 0,9 % frå 2015 då sjukefråværet var 5,3 %.

Vi gjennomfører medarbeidarkartlegging annakvart år. Frå 2017 nyttar vi oss av KS sin nyaste medarbeidarundersøking «10-faktor» som er spesielt tilpassa kommunane. «10-Faktor» er utvikla i tråd med KS sin arbeidsgjevarstrategi og den støtter opp om ein arbeidsgjevarpolitikk som setter gode leiarar og medarbeidarar i sentrum.

Vi har som mål å gjennomføre medarbeidarsamtale med alle tilsette i minst 20% stilling. I 2016 gjennomførde vi slik samtale med 60 % av desse. Dette viser ein reduksjon frå 2015 då vi gjennomførte medarbeidar med 78 %. Samtalen er frivillig og det er kvart år nokre medarbeidarar som ikkje ønskjer medarbeidarsamtale. Oppfølging av medarbeidarsamtale, vernerunde og medarbeidarkartlegging vert innarbeidd i einingane sine HMT planar.

I følgje likestillingslova §1 har alle kommunar plikt til å arbeide aktivt, målretta og planfast for likestilling innanfor si verksemd. Viktige element i kommunen sitt arbeid på dette området har vore tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne, integrering av innvandrarar og reduksjon i omfanget av uønska deltid. Vi har vedteke retningsliner for uønska deltid og gjennomfører årleg kartlegging på alle einingar som har deltidsstillingar. Kartlegginga syner eit lågt omfang uønska deltid, 3,3 % i 2016.

I samband med kommunesamanslåinga vil kommunen bidra til utarbeiding av eit arbeidsgjevarpolitiske styringsdokument med forankring i alle dei tre kommunane.

**Politiske resultatmål personalforvaltning**

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Medarbeidar/ interne prosessar | 1. Vi skal halde fristane i årshjulet.<br>2. Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.<br>3. Sjukefråværet på einingane skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.<br>4. Vi skal gjennomføre medarbeidarkartlegging i 2019 og 2021. Resultatet skal minst liggje på landssnittet.<br>5. Vi skal bidra i utarbeidinga av ein arbeidsgjevarstrategi for nye Sogndal kommune. |

### 6.1.2 Sogndal kommune sitt kvalitetssystem (SKK)

Kommunen har teke i bruk eit kvalitetssystem som skal sikre god internkontroll. Føremålet med internkontrollen er å sikre

- kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen
- heilskapleg styring og riktig utvikling
- godt omdøme og legitimitet
- at vi følgjer lover og reglar.

Viktige element i eit internkontrollsystem er dokumentstyring, avvikshandtering og risikoanalyse. Det elektroniske kvalitetssystemet har modular for alle desse prosessane. Perioden 2013 - 2017 har vore konsentrert om å ta systemet i bruk.

Systemovergripande internkontroll omfattar overordna område som gjeld heile kommunen som overordna økonomi- og personalforvaltning, HMT arbeidet, beredskap og arbeidet med kvalitetsutvikling. Støtteprosessane omfattar støtte til tenesteeiningane innan område som fdv, ikt, arkiv, innkjøp og økonomi- og personalforvalting. Overordna internkontroll føreset at vi har ein del overordna styringsdokument på plass. Vi vil i 2018 utarbeide eit felles administrativt delegasjonsreglement.

**Politisk resultatmål kvalitetsarbeid**

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Brukar | 1. Vi skal ta i bruk kvalitetssystemet for alle tenester i kommunen. |

| | |
|---|---|
| | 2. Vi skal gjennomføre og følgje opp brukargranskingar i samsvar med 4 års planen som ein del av kvalitetsarbeidet.<br>Resultatet skal vere minst på landssnittet. |

Brukargranskingar
Vi nyttar brukargranskingar for brukarar og pårørande samt deltaking i effektiviseringsnettverk for å få informasjon om kvaliteten i tenesteproduksjonen, og som ein del av grunnlaget for internkontroll. Brukargranskingar vil òg vere eit grunnlag i samband med utarbeiding av ulike temaplanar, og vert samordna med planstrategien.

I planperioden planlegg vi å gjennomføre følgjande brukargranskingar:

| År | Tenesteområde |
|---|---|
| 2018 | Sosialtenesta<br>Kulturskulen<br>Vatn og avløp |
| 2019 | Utviklingshemma<br>Pleie og omsorg |
| 2020 | Innbyggjar<br>Skule<br>SFO<br>Barnehage<br>Helsestasjon<br>Barnevern |
| 2021 | Psykisk helse<br>Byggesakshandsaming<br>Bibliotek |

### 6.1.3 IKT

Sogndal kommune ønsker å vere ein føregangskommune når det gjeld digitalisering og teknologibasert utvikling av tenestene. Særskilt ser vi behov for å sikre tilsette og brukarar god og stabil nett-tilgang, ein oppdatert maskinpark og eit oppdatert og tenleg programvaresystem.

Ny kommunestruktur fordrar ein god IKT-/digitaliseringsstrategi og arkitektur. Nye Sogndal kommune skal vere ein heildigital kommune, der innbyggarar, tilsette og næringsliv har eit reelt digitalt førsteval uavhengig av plattform. Det skal i dette prosjektet tilsettast ein IKT-prosjektleiar/framtidig IKT-sjef. Denne vil mellom anna få i oppdrag å utarbeide ein IKT-strategi som sikrar at kommunen sitt IKT system er i tråd med nasjonale føringar og som byggjer på beste praksis.

**Politiske resultatmål IKT**

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Utviklingsområde | 1. Vi skal innføre arkivordningar i tenestene som inneheld Noark 5 standard<br>2. Minst 50 % av innbyggjarane i Sogndal kommune nyttar digital postkasse.<br>3. Vi skal kontinuerleg ha 2 IKT-lærlingar i tenesta. |

### 6.1.4 Beredskap

Hovudføremålet med beredskapsarbeidet er å:

- skape tryggleik for kommunen sine innbyggjarar og besøkande når det gjeld liv, helse og eigedom
- redusere risikoen for at krisesituasjonar kan oppstå ved å få fram kor sannsynleg det er at ei uønskt hending kan skje, og konsekvensane av ei slik hending
- førebyggje uønskte hendingar ved å ta omsyn til slike tilhøve i planprosessar.

Rådmannen har det formelle ansvaret for at beredskapen i kommunen er i samsvar med lovverket. Det er utarbeid ei internkontrollhandbok for beredskap og eit årshjul for arbeidet med beredskap. Rapporten heilskapleg ROS for Sogndal kommune viser det samla risiko- og sårbarheitsbilete for kommunen og inneheld plan for oppfølging.

Vi hadde i mars 2017 tilsyn frå Fylkesmannen med den kommunale beredskapsplikta, og fekk eit avvik der det går fram at kommunen ikkje tilfredsstiller krava til beredskapsplan jf. Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4. Dette basert på at vi ikkje hadde tilstrekkeleg oversikt over ressursar kommunen sjølv har til rådvelde, og kva ressursar som er tilgjengeleg hjå andre aktørar ved uønskte hendingar. Vidare at vi ikkje hadde plan for befolkningsvarsling som tek høgde for korleis varslinga kan skje ved bortfall av straum og ekom. Det vart påpeika at planar for krisekommunikasjon og befolkningsvarsling bør omtale korleis det kan sikrast at informasjon òg når fram til, og vert forstått av, innbyggjarar med annan språkbakgrunn enn norsk. Avviket er no lukka.

### 6.1.5 Lokalt folkehelsearbeid

Folkehelsearbeid er samfunnet sin samla innsats for å oppretthalde, betre og fremje folk si helse og redusere faktorar som medfører helserisiko. Kommunen utarbeider kvart 4. år ei skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorar som kan verke inn på denne. Folkehelseoversikta skal identifisere folkehelseutfordringar og ressursar i kommunen. I tillegg skal den innehalde faglege vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar. Dokumentet, som sist vart handsama i desember 2015, er viktig i den kommunale planstrategien og dannar grunnlag for å fastsetje mål og strategiar i planprosessane heimla i plan- og bygningslova. Vi har vidare laga ei internkontrollhandbok for folkehelsearbeid.

### 6.1.6 Frivillig arbeid

Det gode liv lokalt vert skapt i samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane, og det har vi mange gode døme på i kommunen. Samstundes er det viktig å utvikle nye former for samhandling mellom offentleg og frivillig sektor. Velferdssamfunnet står ovanfor nye utfordringar og haldningar knytt til samfunnsansvar og frivillig arbeid er i endring. Kommunen sin strategi for frivillig sektor legg til grunn at frivillig innsats skal medverke til å fremje sosial integrasjon, styrkje tilknyting til lokalmiljøet og vedlikehalde og utvikle demokratiet. Frivillig arbeid er ein ressurs for, og eit tillegg til, den kommunale tenestytinga. I dette arbeidet er Frivilligsentralen sentral koordinator og fungerer som ein kunnskaps- og informasjonsbase for frivillig arbeid.

Strategi for kommunen si samhandling med frivillig sektor vart vedteken i desember 2012. Styret for Frivilligsentralen har ansvar for å konkretisere tiltak og koordinere gjennomføring av strategien.

### 6.1.7 Bustad for velferd

Vi har inngått avtale om eit langsiktig og forpliktande samarbeid med Husbanken om Kommuneprogrammet Bustad for velferd (tidlegare: *Bustadsosialt velferdsprogram*). Gjennom deltaking i programmet skal vi styrkje både dei strategiske og dei operative oppgåvene til kommunen innanfor det bustadsosiale feltet. Innsatsen skal ta utgangspunkt i dei tre nasjonale hovudmåla for bustadsosialt arbeid:

- Alle skal ha ein trygg stad å bu
- Alle med behov for tenester skal få hjelp til å meistre buforholdet
- Den offentlege innsatsen skal vere heileskapleg og effektiv

Knytt til utvikling av det bustadsosiale arbeidet og av tilbodet til brukarar jobbar vi med fleire sentrale tiltak, m.a. knytt til ny organisering av arbeidet og rutinar tilpassa denne. Med gjennomføring av desse oppgåvene vil også fleire av dei «enklare» måla og tiltaka i handlingsplanen vere oppfylte.

**Politiske resultatmål bustadsosialt arbeid**

| Fokusområde | Resultatmål |
|---|---|
| Utvikling | 1. Vi skal gjennomføre alle tiltaka i bustadsosial plan. I 2018 skal kommunen opprette eit bustadkontor m.a. for å oppnå ei meir aktiv forvaltning av kommunale bustadar. |
| Brukarar | 2. Minst 5 leigetakarar i kommunale bustader skal årleg gå frå leige til eige.<br>3. Mellombelse butilbod skal berre unntaksvis verta nytta av barnefamiliar og unge, og slike opphald skal ikkje vare meir enn tre månader. |

## 6.2 Interkommunalt samarbeid

Sogndal kommune har formelt forplikta seg til samarbeid på fleire område med andre kommunar. I vedlegg 2 gjer vi ei samla oversikt over dei aktuelle interkommunale

samarbeida, inklusiv ei oversikt over vertskommunefunksjonen.  Under omtalar vi særskilt nye ordningar eller ordningar som har hatt særskild merksemd i 2016; Sogn PPT, Sogn Kulturskule og Sogn barnevern.

**Sogn kulturskule**
Sogndal kommune tek del i det interkommunale samarbeidet rundt Sogn kulturskule, saman med Luster kommune og Leikanger kommune, med sistnemnde som vertskommune. Det vart i 2014 vedteke ein utviklingsplan for kulturskulen, men denne har lege på vent, då Luster har vurdert framtidig organisering av arbeidet. I 2017 har Sogn kulturskule vore eit punkt i 10 på topp i Sogndal, og vi har saman med Leikanger og Luster jobba aktivt for å styrke Sogn kulturskule.  For Sogndal kommune vert det sett på som mest tenleg og ynskjeleg å halde fram samarbeidet.

Sogn kulturskule har i 2017 totalt 336 elevplassar, med 61 på venteliste. Av desse er 119 elevar og 25 av dei på venteliste frå Sogndal.

**Sogn PPT**
Sogn PPT vart etablert frå 1.1.2016, med Sogndal som vertskommune. Sogn  PPT yter tenester til kommunane Aurland, Leikanger, Luster, Sogndal og Vik, og sel teneste til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dei samarbeidande kommunane ynskjer å få til eit sterkare systemisk arbeid. Første driftsår har hatt fokus på å samle organisasjonen, og byrje på utviklingsarbeidet. I 2018 vil fokus vere vidare på utviklingsarbeid og systemisk samarbeid mellom barnehage/skule og PPT.

Sogndal kommune har saman med Leikanger, Luster og Vik etablert eit samarbeid med utøvande logopeditenester i ei avdeling under Sogn PPT.

**Sogn barnevern**

Sogn barnevern dekker kommunane Luster, Leikanger, Balestrand og Sogndal, med Sogndal som vertskommune. Sogn barnevern har fokus på å yte gode tenester til barn og familiar i deltakarkommunane som treng det. Det er på denne bakgrunn stilt forventningar om at tenesta er:

- Ei open, tilgjengeleg og fagleg kompetent teneste som tek i vare alle barna som treng Sogn barnevern, i eit godt samarbeid med barna og deira familiar.
- Ei teneste som samarbeide godt både med eksterne og interne samarbeidspartnarar. I dette ligg samarbeid med skule, barnehage, PPT, helsestasjon, ungdomsavdelinga, legetenesta, BUP og andre som barnevernet naturlig har kontakt med.
- Ei teneste som tek i vare alle myndekrava til tenesta.

Dei fire kommunane i Sogn barnevern har etablert eit samarbeid med Høyanger, Vik og Årdal om å ei barnevernsvaktordning.

**Eventuelt bu- og omsorgstilbod i Lærdal**

Sogndal har i 2017 delteke i eit regionalt samarbeid i form av eit forstudie initiert og leia av Lærdal kommune. Styringsgruppa, med representantar frå Lærdal kommune, Pwc og Helse

Førde, har i rapporten tilrådd følgjande: *«Styringsgruppen anbefaler å starte det interkommunale samarbeidet ved å opprette et bo- og omsorgstilbud til psykisk syke på mellom 20-25 plasser i Lærdal kommune».*

Det er lagt opp til at arbeidet skal vidareførast i 2018 i eit forprosjekt, og kommunane som deltok i forstudien er invitert til å delta i dette forprosjektet. Sogndal kommune er positiv til eit fagleg regionalt samarbeid, men ynskjer ikkje å gå vidare i eit forprosjekt med målsetting om etablering av eit bu- og omsorgstilbod i Lærdal kommune, sidan Sogndal kommune ynskjer å gje tilbod til eigne innbyggjarar i eigen kommune, i samsvar med nasjonale føringar og eigne planar om utvikling av det aktuelle tenestetilbodet. Sogndal er samstundes open for å vurdere tenestekjøp frå eit ev. framtidig tilbod i Lærdal kommune.

# 7 Økonomiske oversiktar

## 7.1 Hovudoversikt drift

| | Rekn 2016 | Bud 2017 | ØP 2018 | ØP 2019 | ØP 2020 | ØP 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | | | | |
| Brukarbetalingar | -21 717 563 | -21 924 064 | -22 693 329 | -22 693 329 | -22 693 329 | -22 693 329 |
| Andre sals- og leigeinntekter | -66 140 778 | -60 228 507 | -64 019 909 | -64 083 909 | -64 093 909 | -64 093 909 |
| Overføringar med krav til mottytelse | -100 746 506 | -62 966 966 | -63 506 073 | -63 655 173 | -63 655 173 | -63 655 173 |
| Rammetilskot frå staten | -197 735 296 | -206 572 000 | -216 399 000 | -213 705 000 | -213 705 000 | -213 705 000 |
| Andre statlege overføringar | -70 426 793 | -59 850 525 | -80 942 009 | -78 273 009 | -78 205 009 | -78 138 009 |
| Andre overføringer | -9 895 205 | -1 455 450 | -1 911 078 | -1 861 078 | -1 861 078 | -1 861 078 |
| Skatt på inntekt og formue | -198 568 070 | -194 391 000 | -207 008 000 | -207 008 000 | -207 008 000 | -207 008 000 |
| Eigendomsskatt | -39 040 412 | -37 727 900 | -40 289 000 | -40 289 000 | -40 289 000 | -40 289 000 |
| Andre direkte og indirekte skattar | -317 533 | -309 000 | -318 000 | -318 000 | -318 000 | -318 000 |
| **Sum driftsinntekter** | **-704 588 156** | **-645 425 412** | **-697 086 398** | **-691 886 498** | **-691 828 498** | **-691 761 498** |
| **DRIFTSUTGIFTER** | | | | | | |
| Lønsutgifter | 324 761 095 | 310 502 919 | 334 071 071 | 333 832 071 | 333 592 071 | 333 642 071 |
| Sosiale utgifter | 80 193 589 | 86 951 478 | 93 770 873 | 93 744 723 | 93 707 473 | 93 707 473 |
| Kjøp av varer og tenester i tenesteproduksjon | 102 520 736 | 92 780 504 | 101 507 360 | 101 038 494 | 100 583 360 | 100 833 360 |
| tenesteprod. | 78 517 341 | 83 854 411 | 87 975 765 | 88 141 432 | 87 900 432 | 87 900 432 |
| Overføringar | 40 447 700 | 28 394 869 | 34 038 294 | 32 637 944 | 30 703 294 | 30 703 294 |
| Avskrivingar | 29 760 886 | 29 760 887 | 29 760 887 | 29 760 887 | 29 760 887 | 29 760 887 |
| Fordelte utgifter | -10 471 258 | -10 616 571 | -12 423 560 | -12 423 560 | -12 423 560 | -12 423 560 |
| **Sum driftsutgifter** | **645 730 089** | **621 628 497** | **668 700 690** | **666 731 991** | **663 823 957** | **664 123 957** |
| | | | | | | |
| **Brutto driftsresultat** | **-58 858 067** | **-23 796 915** | **-28 385 708** | **-25 154 507** | **-28 004 541** | **-27 637 541** |
| | | | | | | |
| **EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR** | | | | | | |
| **Finansinntekter** | | | | | | |
| Renteinntekter, utbytte, eigaruttak | -5 345 453 | -4 086 401 | -3 210 043 | -4 152 888 | -4 513 335 | -4 548 645 |
| Gevinst på finansielle instrument (omløpsmidlar) | -482 140 | -744 000 | -795 000 | -827 000 | -860 000 | -894 000 |
| Mottekne avdrag på lån | -1 037 200 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum eksterne finansinntekter** | **-6 864 793** | **-4 830 401** | **-4 005 043** | **-4 979 888** | **-5 373 335** | **-5 442 645** |
| **Finansutgifter** | | | | | | |
| Renteutgifter og låneomkostningar | 9 282 212 | 11 071 039 | 11 467 348 | 11 997 646 | 14 115 862 | 13 964 537 |
| Tap på finansielle instrument (omløpsmidler) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 29 745 275 | 32 961 474 | 29 004 940 | 32 621 968 | 31 343 159 | 29 105 546 |
| Utlån | 747 650 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum eksterne finansutgifter** | **39 775 137** | **44 032 513** | **40 472 288** | **44 619 614** | **45 459 021** | **43 070 083** |
| | | | | | | |
| **Resultat eksterne finansieringstransaksjonar** | **32 910 344** | **39 202 112** | **36 467 245** | **39 639 726** | **40 085 686** | **37 627 438** |
| | | | | | | |
| Motpost avskrivingar | -29 760 886 | -29 760 887 | -29 760 887 | -29 760 887 | -29 760 887 | -29 760 887 |
| **Netto driftsresultat** | **-55 708 609** | **-14 355 690** | **-21 679 350** | **-15 275 668** | **-17 679 742** | **-19 770 990** |
| **AVSETNINGAR** | | | | | | |
| **Bruk av avsetningar** | | | | | | |
| Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk | -2 518 354 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | -25 720 097 | -25 307 480 | -26 516 370 | -27 715 890 | -25 718 538 | -25 171 883 |
| Bruk av bundne fond | -6 999 507 | -3 234 000 | -2 487 912 | -2 487 912 | -2 487 912 | -2 487 912 |
| **Sum bruk av avsetningar** | **-35 237 957** | **-28 541 480** | **-29 004 282** | **-30 203 802** | **-28 206 450** | **-27 659 795** |
| | | | | | | |
| **Avsetningar** | | | | | | |
| Overførd til investeringsrekneskapen | 3 410 208 | 6 270 000 | 6 418 000 | 2 430 000 | 2 520 000 | 2 520 000 |
| Dekking av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetning disposisjonsfond | 61 012 436 | 29 884 952 | 37 635 272 | 36 449 227 | 36 765 428 | 38 345 105 |
| Avsetning bundne fond | 7 035 777 | 6 742 220 | 6 630 360 | 6 600 243 | 6 600 764 | 6 565 680 |
| **Sum avsetningar** | **71 458 421** | **42 897 172** | **50 683 632** | **45 479 470** | **45 886 192** | **47 430 785** |
| | | | | | | |
| **Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk** | **-19 488 146** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## 7.2 Budsjettskjema 1A

| | Rekn 2016 | Bud 2017 | ØP 2018 | ØP 2019 | ØP 2020 | ØP 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| ***Frie inntekter*** | | | | | | |
| Skatt på inntekt og formue | -198 568 070 | -194 391 000 | -207 008 000 | -207 008 000 | -207 008 000 | -207 008 000 |
| Rammetilskot frå staten | -197 735 296 | -206 572 000 | -216 399 000 | -213 705 000 | -213 705 000 | -213 705 000 |
| Eigendomsskatt | -39 040 412 | -37 727 900 | -40 289 000 | -40 289 000 | -40 289 000 | -40 289 000 |
| Andre direkte og indirekte skattar | -317 533 | -309 000 | -318 000 | -318 000 | -318 000 | -318 000 |
| Andre generelle statstilskot | -39 813 577 | -36 939 900 | -36 615 300 | -36 546 300 | -36 478 300 | -36 411 300 |
| **Sum frie disponible inntekter** | **-475 474 888** | **-475 939 800** | **-500 629 300** | **-497 866 300** | **-497 798 300** | **-497 731 300** |
| ***Finans*** | | | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | -5 335 425 | -4 051 401 | -3 174 413 | -4 117 258 | -4 477 706 | -4 513 015 |
| Gevinst på finansielle instrument | -482 140 | -744 000 | -795 000 | -827 001 | -860 000 | -894 001 |
| Mottekne avdrag på utlån(drift) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter, provisjon, andre finansutg | 9 281 490 | 11 071 038 | 11 467 348 | 11 997 646 | 14 115 862 | 13 964 538 |
| Avdragsutgifter | 29 745 275 | 32 961 474 | 29 004 940 | 32 621 968 | 31 343 160 | 29 105 546 |
| Utlån | 0 | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Finansutgifter netto** | **33 209 200** | **39 237 111** | **36 502 875** | **39 675 355** | **40 121 316** | **37 663 068** |
| ***Avsetjingar*** | | | | | | |
| Til fri disponibel avsetjing | 49 594 456 | 33 293 900 | 34 770 313 | 33 584 269 | 33 900 469 | 35 480 147 |
| Til dekning av tidlegare års underskot | | | | | | |
| Øvrige avsetjingar | 743 868 | 633 270 | 551 410 | 521 293 | 521 814 | 486 730 |
| Bruk av fri disponibel avsetjing | -1 355 000 | -1 600 810 | -2 257 486 | -3 457 006 | -1 459 654 | -913 000 |
| Bruk av øvrige avsetjingar | -800 000 | | | | | |
| Disponering av tidlegare års overskot | -2 518 354 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Avsetjingar netto** | **45 664 971** | **32 326 360** | **33 064 237** | **30 648 556** | **32 962 629** | **35 053 877** |
| Overf. frå drift til investeringsbud | 3 125 100 | 6 270 000 | 6 418 000 | 2 430 000 | 2 520 000 | 2 520 000 |
| **Til fordeling drift** | **-393 475 618** | **-398 106 329** | **-424 644 188** | **-425 112 389** | **-422 194 355** | **-422 494 355** |
| Sum fordelt til drift (frå skjema 1B) | 373 987 471 | 398 106 329 | 424 644 188 | 425 112 389 | 422 194 355 | 422 494 355 |
| Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk | -19 488 147 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

## 7.3 Budsjettskjema 1B

| **Til fordeling frå skjema 1A** | **-393 475 618** | **-398 106 329** | **-424 644 188** | **-425 112 389** | **-422 194 355** | **-422 494 355** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fordelt slik:** | | | | | | |
| **Kostragruppe** | **Rekn 2016** | **Bud 2017** | **ØP 2018** | **ØP 2019** | **ØP 2020** | **ØP 2021** |
| 10 Politisk styring og kontroll | 3 853 277 | 3 698 537 | 3 540 533 | 3 640 533 | 3 640 533 | 3 740 533 |
| 12 Administrasjon | 23 518 404 | 23 387 754 | 25 538 156 | 25 578 156 | 25 378 156 | 25 578 156 |
| 13 Bustader og forvaltingsutgigftre i eiged | -1 551 932 | -4 420 851 | -3 950 367 | -3 938 367 | -3 915 367 | -3 915 367 |
| 14 Andre fellesområder | -35 060 378 | -19 991 049 | -21 186 660 | -21 236 660 | -21 236 660 | -21 236 660 |
| 15 Kyrkjeleg fellesråd og andre trussamfu | 4 499 046 | 4 311 990 | 4 572 478 | 4 472 478 | 4 472 478 | 4 472 478 |
| 21 Helsestasjon | 5 967 352 | 6 283 933 | 6 684 870 | 6 684 870 | 6 684 870 | 6 684 870 |
| 22 Barnevern | 8 193 768 | 9 088 793 | 9 514 909 | 9 514 909 | 9 514 909 | 9 514 909 |
| 23 Barnehage | 58 099 542 | 60 447 012 | 72 778 581 | 72 880 231 | 71 261 581 | 71 261 581 |
| 24 Grunnskule og SFO | 105 300 235 | 106 654 538 | 110 286 606 | 110 114 356 | 109 942 106 | 109 942 106 |
| 25 Kultur | 10 086 939 | 13 164 189 | 13 307 022 | 13 231 689 | 13 231 689 | 13 231 689 |
| 31 Førebyggjande helsearbeid, diagnose ( | 13 657 157 | 13 492 873 | 14 954 475 | 14 954 475 | 14 654 475 | 14 654 475 |
| 32 Aktivisering, støttetenester og rusarbei | 9 363 807 | 12 453 015 | 14 728 179 | 14 415 613 | 14 259 179 | 14 259 179 |
| 33 Pleie og omsorg - heimetenester | 94 030 764 | 92 812 185 | 95 253 435 | 97 737 135 | 97 603 435 | 97 603 435 |
| 34 Pleie og omsorg - institusjon | 39 767 029 | 45 040 887 | 46 624 623 | 46 580 623 | 46 580 623 | 46 580 623 |
| 35 Kvalifisering, integrering og arbeid | 7 565 937 | 7 284 030 | 7 605 250 | 7 540 250 | 7 180 250 | 7 180 250 |
| 41 Plan og byggesak | 2 270 694 | 2 711 783 | 1 947 917 | 1 947 917 | 1 947 917 | 1 947 917 |
| 42 Kart og oppmåling | -620 885 | 974 402 | 804 196 | 504 196 | 504 196 | 504 196 |
| 43 Brann og redning | 7 414 267 | 8 171 571 | 8 242 677 | 8 242 677 | 8 242 677 | 8 242 677 |
| 44 Næringsverksemd | -1 043 041 | -465 821 | 883 693 | -216 307 | -216 307 | -216 307 |
| 45 Samferdsle | 12 721 986 | 13 887 042 | 14 129 167 | 14 079 167 | 14 079 167 | 14 079 167 |
| 46 Naturforvalting, friluftsliv og rekreasjon | 3 766 161 | 3 355 768 | 3 317 393 | 3 317 393 | 3 317 393 | 3 317 393 |
| 47 Vatn, avlaup og renovasjon | -3 617 437 | -4 236 252 | -4 932 945 | -4 932 945 | -4 932 945 | -4 932 945 |
| Avsetjing og bruk overskotsfond | 5 804 779 | | | | | |
| **Fordelt drift** | **373 987 471** | **398 106 329** | **424 644 188** | **425 112 389** | **422 194 355** | **422 494 355** |

## 7.4 Hovudoversikt investering

| | Rekn 2016 | Bud 2017 | ØP 2018 | ØP 2019 | ØP 2020 | ØP 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sal av driftsmidlar og fast eigendom | -6 165 671 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre salsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringar med krav til motytelse | -5 888 000 | 0 | 0 | -935 000 | 0 | 0 |
| Kompensasjon meirverdiavgift | -30 644 973 | -27 887 500 | -23 568 000 | -13 481 500 | -337 500 | -312 500 |
| Statlege overføringar | -4 548 433 | -83 246 400 | -15 416 600 | -14 420 000 | -330 000 | -270 000 |
| Andre overføringar | -18 571 282 | -680 000 | -400 000 | 0 | 0 | 0 |
| Renteinntekter og utbytte | -8 520 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum inntekter** | **-65 826 879** | **-111 813 900** | **-39 384 600** | **-28 836 500** | **-667 500** | **-582 500** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **INVESTERINGSUTGIFTER** | | | | | | |
| Lønsutgifter | 1023589,62 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sosiale utgifter | 38525,1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Varer og tenester i kommunal eigenproduksjon | 185739326 | 142500000 | 120670000 | 76010000 | 11350000 | 11250000 |
| Kjøp av tenester som erstatter eigenproduksjon | 700000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringar | 30656473,1 | 27887500 | 22068000 | 8396500 | 337500 | 312500 |
| Renteutgifter og omkostningar | 51646,37 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum utgifter** | 218 209 560 | 170 387 500 | 142 738 000 | 84 406 500 | 11 687 500 | 11 562 500 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **FINANSUTGIFTER** | | | | | | |
| Avdrag på lån | 1621512 | 1000000 | 1370000 | 1700000 | 1800000 | 1820000 |
| Utlån | 19184500 | 7300250 | 12000000 | 15000000 | 15000000 | 15000000 |
| Kjøp av aksjar og andelar | 3159559 | 1200000 | 1850000 | 1450000 | 1500000 | 1550000 |
| Dekking av tidlegare års udekka | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetjing til ubundne investeringsfond | 2000,29 | 1094000 | 1144000 | 1155000 | 967000 | 780000 |
| Avsettjing til bundne fond | 1572290,52 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum finansutgifter** | 25 539 862 | 10 594 250 | 16 364 000 | 19 305 000 | 19 267 000 | 19 150 000 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **FINANSIERING** | | | | | | |
| Bruk av lån | -148 541 043 | -34 550 000 | -95 729 000 | -64 590 000 | -25 000 000 | -25 000 000 |
| Sal av aksjar og andelar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottekne avdrag på utlån | -4 245 377 | -1 494 000 | -1 484 000 | -1 655 000 | -1 643 000 | -1 568 000 |
| Overføring frå driftsrekneskapen | -3 410 208 | -6 270 000 | -6 418 000 | -2 430 000 | -2 520 000 | -2 530 000 |
| Bruk av tidlegare års udisponert | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | -19 334 140 | -17 953 600 | -15 056 400 | -2 000 000 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne driftsfond | 0 | -6 600 000 | -1 030 000 | -1 200 000 | -1 124 000 | -1 032 000 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | -2 391 775 | -2 300 250 | 0 | -3 000 000 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne fond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum finansiering** | -177 922 543 | -69 167 850 | -119 717 400 | -74 875 000 | -30 287 000 | -30 130 000 |
| | | | | | | |
| **Udekka/udisponert** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

## 7.5 Budsjettskjema 2A

| | ØP 2018 | ØP 2019 | ØP 2020 | 20ØP 2021 | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| ***Årets bruk*** | | | | | |
| Investering i anleggsmidlar | 142 738 000 | 84 406 500 | 11 687 500 | 11 562 500 | 250 394 500 |
| Utlån og forskutteringar | 12 000 000 | 15 000 000 | 15 000 000 | 15 000 000 | 57 000 000 |
| Kjøp av aksjar og andelar | 1 850 000 | 1 450 000 | 1 500 000 | 1 550 000 | 6 350 000 |
| Avdrag på lån | 1 370 000 | 1 700 000 | 1 800 000 | 1 820 000 | 6 690 000 |
| Dekking av tidlegare års udekka | | | | | 0 |
| Avsetjingar | 1 144 000 | 1 155 000 | 967 000 | 780 000 | 4 046 000 |
| **Årets finansieringsbehov** | **159 102 000** | **103 711 500** | **30 954 500** | **30 712 500** | **324 480 500** |
| | | | | | |
| ***Finansiert slik*** | | | | | |
| Bruk av lånemidlar | -95 729 000 | -64 590 000 | -25 000 000 | -25 000 000 | -210 319 000 |
| Inntekter frå sal av anleggsmiddel | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tilskot til investeringar | -15 816 600 | -14 420 000 | -330 000 | -270 000 | -30 836 600 |
| Refusjonar | 0 | -935 000 | 0 | 0 | -935 000 |
| Mva-kompensasjon frå investeringar | -23 568 000 | -13 481 500 | -337 500 | -312 500 | -37 699 500 |
| Renter og avdrag | -1 484 000 | -1 655 000 | -1 643 000 | -1 568 000 | -6 350 000 |
| **Sum ekstern finansiering** | **-136 597 600** | **-95 081 500** | **-27 310 500** | **-27 150 500** | **-286 140 100** |
| | | | | | |
| Overførd frå driftsrekneskapen | -6 418 000 | -2 430 000 | -2 520 000 | -2 530 000 | -13 898 000 |
| Bruk av avsetjingar | -16 086 400 | -6 200 000 | -1 124 000 | -1 032 000 | -24 442 400 |
| **Sum eigenfinansiering** | **-22 504 400** | **-8 630 000** | **-3 644 000** | **-3 562 000** | **-38 340 400** |
| **Udekka/udisponert** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

## 7.6 Budsjettskjema 2B

| Investering | ØP 2018 | ØP 2019 | ØP 2020 | ØP 2021 | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Bygningar** | | | | | |
| Utbygging SHOS | 73 750 000 | 0 | 0 | 0 | 73 750 000 |
| Fosshagen barnehage | 24 875 000 | 38 625 000 | 0 | 0 | 63 500 000 |
| Kvåle skule-ombygging | 937 500 | 0 | 0 | 0 | 937 500 |
| Omsorgsbustader Stedjevegen-utbygging | 7 500 000 | 25 425 000 | 0 | 0 | 32 925 000 |
| Utleigebustader Kjørnes | 3 438 000 | 0 | 0 | 0 | 3 438 000 |
| Nytt aktivitetssenter | 8 750 000 | 1 375 000 | 0 | 0 | 10 125 000 |
| Fjørevegen 17-Ombygging og brannsikring | 1 750 000 | 0 | 0 | 0 | 1 750 000 |
| Sogndal kulturhus-Nye stolar i storsalen | 0 | 2 500 000 | 0 | 0 | 2 500 000 |
| | | | | | |
| **Maskiner og transportmidlar** | | | | | |
| Feiemaskin 2018 | 2 000 000 | 0 | 0 | 0 | 2 000 000 |
| | | | | | |
| **Veg og parkering** | | | | | |
| Trafikktrygging 2018 | 1 362 500 | 562 500 | 687 500 | 562 500 | 3 175 000 |
| Veganlegg bak Lerum | 1 250 000 | 0 | 0 | 0 | 1 250 000 |
| Bru over Sogndalselva | 375 000 | 0 | 0 | 0 | 375 000 |
| Asfaltering veg til Kaupanger idrettspark | 250 000 | 0 | 0 | 0 | 250 000 |
| Klatreparkering Kvam | 250 000 | 0 | 0 | 0 | 250 000 |
| | | | | | |
| **Vatn og avlaup** | | | | | |
| VVA-Kjørnes | 0 | 3 750 000 | 0 | 0 | 3 750 000 |
| VVA-Bråatane byggjefelt | 0 | 1 169 000 | 0 | 0 | 1 169 000 |
| Hovudplan vassforsyning | 9 000 000 | 5 000 000 | 5 000 000 | 5 000 000 | 24 000 000 |
| Hovudplan avlaup | 5 000 000 | 5 000 000 | 5 000 000 | 5 000 000 | 20 000 000 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **IKT** | | | | | |
| IKT-investeringar | 2 250 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 5 250 000 |
| **Sum investering** | **142 738 000** | **84 406 500** | **11 687 500** | **11 562 500** | **250 394 500** |
| | | | | | |
| **Finanstransaksjonar:** | | | | | |
| Eigenkapitalinnskot KLP | 1 400 000 | 1 450 000 | 1 500 000 | 1 550 000 | 5 900 000 |
| Kjøp av aksjar | 450 000 | | | | |
| Utlån formidlingslån | 12000000 | 15000000 | 15000000 | 15000000 | 57 000 000 |
| Avdrag formidlingslån | 1370000 | 1700000 | 1800000 | 1820000 | 6 690 000 |
| | | | | | |
| Innbetalt avdrag formidlinglån | -340 000 | -500 000 | -676 000 | -788 000 | -2 304 000 |
| Innbetalt avdrag andre utlån | -1 144 000 | -1 155 000 | -967 000 | -780 000 | -4 046 000 |
| Avsetjing fond | 1 144 000 | 1 155 000 | 967 000 | 780 000 | 4 046 000 |
| **Sum finanstransaksjonar** | **14 880 000** | **17 650 000** | **17 624 000** | **17 582 000** | **67 286 000** |
| **Finansieringsbehov** | **157 618 000** | **102 056 500** | **29 311 500** | **29 144 500** | **317 680 500** |
| | | | | | |
| **Finansiering** | | | | | |
| Bruk av lånemidlar nytt låneopptak | -95 729 000 | -64 590 000 | -25 000 000 | -25 000 000 | -210 319 000 |
| *Av dette:* | | | | | 0 |
| *Lån med rentekompensasjon* | | | | | 0 |
| *Lån til Vatn og avlaup* | *14 000 000* | *10 000 000* | *10 000 000* | *10 000 000* | 44 000 000 |
| Refusjonar og overføringar | -15 816 600 | -15 355 000 | -330 000 | -270 000 | -31 771 600 |
| Kompensasjon meirverdiavgift | -23568000 | -13481500 | -337500 | -312500 | -37 699 500 |
| **Sum ekstern finansiering** | **-135 113 600** | **-93 426 500** | **-25 667 500** | **-25 582 500** | **-279 790 100** |
| | | | | | |
| Sal av fast eigedom | | | | | 0 |
| Overførd frå driftsrekneskapen | -6418000 | -2430000 | -2520000 | -2530000 | -13 898 000 |
| Bruk av fond | -16 086 400 | -6 200 000 | -1 124 000 | -1 032 000 | -24 442 400 |
| **Sum eigenfinansiering** | **-22 504 400** | **-8 630 000** | **-3 644 000** | **-3 562 000** | -38 340 400 |
| **Sum finansiering** | **-157 618 000** | **-102 056 500** | **-29 311 500** | **-29 144 500** | **-318 130 500** |
| | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

## 7.7 Sjølvkostskjema

# Grunnlag for vedtak om gebyrer for vassforsyningstenestene

Alle beløp i 1000 kr

| | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Planlagte investeringer** 1) | 15500 | 9000 | 5000 | 5000 | 5000 |
| Prisauke | 3 % | 2,50 % | 3,00 % | 3,00 % | 3,00 % |
| **Kostnader:** | | | | | |
| Driftsutgifter inkl. administrasjon | 6885 | 7514 | 7707 | 7888 | 8077 |
| Sum kapitalkostnader | 5285 | 5639 | 5777 | 6000 | 6118 |
| Brutto årskostnader: | 12170 | 13153 | 13484 | 13888 | 14195 |
| **Sjølvkostberekning (netto kostnader)** 2) | **12170** | **13153** | **13484** | **13888** | **14195** |
| | | | | | |
| **Inntekter:** | | | | | |
| Årsgebyrer | 10006 | 10445 | 10974 | 11303 | 11642 |
| Tilknytningsgebyrer | 719 | 1170 | 1447 | 1490 | 1535 |
| **Sum gebyrinntekter** | **10725** | **11616** | **12421** | **12793** | **13177** |
| Andre inntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum inntekter: | 10725 | 11616 | 12421 | 12793 | 13177 |
| | | | | | |
| Dekningsgrad VA-gebyrer rel. til sjølvkostberekning % | 88 | 88 | 92 | 92 | 93 |
| | | | | | |
| **Sjølvkostfond:** | | | | | |
| Overskudd eller underskudd på selvkost 3) | -1445 | -1537 | -1063 | -1095 | -1018 |
| Saldo sjølvkostfond etter årets endring | 4337 | 2885 | 1822 | 727 | -292 |
| Renteberekning sjølvkostfond 4) | 85 | 62 | 40 | 21 | 4 |
| Saldo sjølvkostfond | 4422 | 2946 | 1861 | 748 | -288 |
| | | | | | |
| **Årsgebyr:** | | | | | |
| Mengdevariabelt gebyr kr/m3 | 8,60 | 8,82 | 9,08 | 9,35 | 9,63 |
| Fastgebyr bustader, kr/år | 1556 | 1595 | 1643 | 1692 | 1743 |
| Årsgebyr bustad 215 m3/år, kr/år | 3362 | 3446 | 3595 | 3703 | 3814 |

Merknad:

1) Inngår i kostn.grunnlaget året etter sett i drift. 2) Sjølvkost er brutto årskostnader fråtrekt "andre inntekter".

3) Positivt tall er overskudd som må avsettes til fond. Negativt tall er underskudd som må dekkes inn av avsatte midler på selvkostfondet 4) Halvårseffekt

# Grunnlag for vedtak om gebyrer for avløpstenestene

Alle beløp i 1000 kr

| | | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Planlagte investeringer** [1)] | | 8000 | 5000 | 5000 | 5000 | 5000 |
| Prisauke | | 3,0 % | 2,5 % | 3,5 % | 3,5 % | 3,5 % |
| **Kostnader:** | | | | | | |
| Driftsutgifter inkl. administrasjon | | 7770 | 8209 | 8486 | 8783 | 9357 |
| Sum kapitalkostnader | | 3818 | 3904 | 4162 | 4280 | 4410 |
| Brutto årskostnader: | | 11588 | 12113 | 12649 | 13063 | 13766 |
| **Sjølvkostberekning (netto kostnader)** [2)] | | **11588** | **12113** | **12649** | **13063** | **13766** |
| | | | | | | |
| **Inntekter:** | | | | | | |
| Årsgebyrer | | 9698 | 9940 | 10288 | 10648 | 11021 |
| Tilknytningsgebyrer | | 1023 | 1049 | 1507 | 1560 | 1615 |
| **Sum gebyrinntekter** | | **10721** | **10989** | **11796** | **12209** | **12636** |
| Andre inntekter | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum inntekter: | | 10721 | 10989 | 11796 | 12209 | 12636 |
| | | | | | | |
| Dekningsgrad VA-gebyrer | | | | | | |
| rel. til sjølvkostberekning | % | 93 | 91 | 93 | 93 | 92 |
| | | | | | | |
| **Sjølvkostfond:** | | | | | | |
| Overskudd eller underskudd på selvkost [3)] | | -867 | -1124 | -853 | -855 | -1131 |
| Saldo sjølvkostfond etter årets endring | | 3474 | 2350 | 1497 | 643 | -488 |
| Renteberekning sjølvkostfond [4)] | | 66 | 50 | 33 | 18 | 1 |
| Saldo sjølvkostfond | | 3539 | 2400 | 1530 | 661 | -487 |
| | | | | | | |
| **Årsgebyr:** | | | | | | |
| Mengdevariabelt gebyr | kr/m3 | 9,88 | 10,12 | 10,48 | 10,85 | 11,23 |
| Fast gebyr bustader, | kr/år | 1764 | 1809 | 1872 | 1937 | 2005 |
| Årsgebyr bustad 215 m3/år, | kr/år | 3888 | 3985 | 4125 | 4269 | 4419 |

Merknad:

1) Inngår i kostn.grunnlaget året etter sett i drift. 2) Sjølvkost er brutto årskostnader fråtrekt "andre inntekter".

3) Positivt tall er overskudd som må avsettes til fond. Negativt tall er underskudd som må dekkes inn av avsatte midler på selvkostfondt 4) Halvårseffekt

# Grunnlag for gebyrer for renovasjon

Alle beløp i 1000 kr unnateke årsgebyr

| | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Planlagte investeringer** [1)] | 2000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Auke i årsgebyr | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| **Kostnader:** | | | | | |
| Driftsutgifter inkl. administrasjon | 515 | 514 | 519 | 521 | 523 |
| Sum kapitalkostnader | 137 | 135 | 133 | 131 | 129 |
| Brutto årskostnader: | 652 | 649 | 652 | 652 | 652 |
| Sjølvkostberekning (netto kostnader): [2)] | **652** | **649** | **652** | **652** | **652** |
| | | | | | |
| **Inntekter:** | | | | | |
| Årsgebyrer | 652 | 649 | 652 | 652 | 652 |
| Andre inntekter | | | | | |
| Sum inntekter: | **652** | **649** | **652** | **652** | **652** |
| | | | | | |
| Dekningsgrad gebyrer | | | | | |
| rel. til sjølvkostberegning % | 100 | 100 | 100 | 100 | 100 |
| | | | | | |
| **Sjølvkostfond:** | | | | | |
| Planlagt avsetning eller bruk av fond [3)] | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Saldo selvkostfond før avsetning eller bruk | 604 | 625 | 647 | 669 | 692 |
| Renter sjølvkostfond | 21 | 22 | 22 | 23 | 24 |
| Saldo sjølvkostfond - UB | 625 | 647 | 669 | 692 | 716 |